Stemnesongar

Til alle større møte og stemnor bør ein bruka

STEMNESONGAR

42 utvalde songar og salmar

Ny utgaava 1918
(80 000)

Send tinging til Skrivarstova, Vibes gt. 27, Oslo

N 77

NORIGS MAALLAG

AARSMELDING 1917

VED SKRIVAREN

KAPTEIN EDV. OS

Kristiansands Folkebibliotek

PRENTA HJAA BRØDRENE JØRGENSEN A-S
OSLO 1918

Norigs maallag : aarsmelding 1917

10010302948001

som steller med maallag og andre lag i bygdene.

So lenge det ikkje endaa finnst noko serskilt handbok aat maallag bør maallagi nytta Handbok aat ungdomslag.

Send tinging til
Skrivarstova, Vibesgt. 27, **Oslo.**

Prisen er kr. 2.25 + 10 øyre i postpengar.

Skrifter utgjevne av Norigs maallag

1. Norigs maallag 1906—1914 .. .. kr. 0.75
2. Norigs maallag 1914—1916 .. .. » 1.00
3. Norigs maallag, aarsmøtet 1917 (uts.) » 0.75
4. Skattleggjing av lagsbruk (uts.) .. .. » 0.50
5. Norigs maallag, aarsmelding 1917 .. » 1.25
6. Vegar og maatar for arbeidet i maalsamskipnaden, av kaptein Os .. .. .. » 0.25

Send tinging til
Skrivarstova, Vibesgt. 27, **Oslo.**

NORIGS MAALLAG

AARSMELDING 1917

VED SKRIVAREN
KAPTEIN EDV. OS

Kristiania Folkebibliotek

PRENTA HJAA BRØDRENE JØRGENSEN A.S
OSLO 1918

Etter maaten er dette den mest utførlege aarsmeldingi som Norigs maallag har sendt ut, med di at meldingar fraa fylkeslag og einskildlag no ligg fyre i større mun en nokon gong fyrr. Ein faar soleis her eit tolleg bra oversyn over heile samskipnaden.

Ei onnor sak er at dette oversynet ikkje er *berre* til frygd for augo. Det er ikkje so god ein vokster i den store urydja maalaakeren som ein gjerne vilde det skulde vera.

Men det aa *faa oversynet* er straks noko paa veg til aa betra paa dette. Alle som vil kan no sjaa dei svarte flekkane, der Norigs maallag ikkje har frugtberande tred i landet. Aa faa skipa maalfolket i hop i maallag og fylkeslag soleis at samskipnaden kan femna over heile landet og naa inn i kvar bygd og grend vil vera uppgaava. Kvifor dette maa til er det greidt nærmare ut um i «Oversyn over stoda i maalsamskipnaden», sida 79.

Det gjeld no at ikkje den eine gjev seg til aa bida paa den andre; men at kvar den som skynar kva som her maa gjerast sjølv gjer upptaket og faar alle hine med.

Det er ogso nokre fylkeslag og einskilde maallag som er noko gulna i toppen og som ber lite og gagnlaus frukt. Dei maa stellast med av sterke og kjærlege hender so dei kan vakna til eit nytt og nyttigt liv.

Eg kjenner meg stød paa at det næste aarsoversynet skal verta til meir hugnad en dette.

Upprit fraa aarsmøtet 9. og 10. april 1917 er utsendt i eit serskilt skrift: «*Norigs maallag, aarsmøtet 1917*» og vert ikkje teke uppatt her.

Det same gjeld uppritet fraa samraadsmøtet paa Voss 6. juli 1917, utgjeve i skriftet «*Skattleggjing av lagsbruk*».

Eg legg attaat at baae desse skrifti no er utselde.

I Skrivarstova aat Norigs maallag, Oslo 14. mai 1918.

Edv. Os.

INNHALD.

Sida

Aarsmelding fraa styret i Norigs maallag for aaret 1917 1
Utdrag av rekneskapen for aaret 1917 5
Aarsmøtet 1918 6
Sendemenner 6
Saklista 8
1. Aarsmelding og rekneskap 8
2. Lovbrigde um skatt paa lagsbruk 10
Aallment ordskifte 11
Ordskifte og avrøystingar um dei einskilde punkt 19
Val av skattenemd 21
3. Uppsetjing av politisk valprogram for 1918 ... 22
Oversyn over innkomne framlegg 22
Framlegg til program paa møtet 25
Aallment ordskifte um programmet 28
Ordskifte og avrøystingar um dei einskilde punkt 35
4. Val 40
Samveret paa folkehøgskulen 40
Gudstenesta og gilde 42
Meldingar um arbeidet i fylkeslagi 44
Akershuslaget 44
Austmannalaget 45
Karmsunds maallag 47
Naumdøla maallag 48
Telelaget 49
Trums fylkesmaallag 51
Trønderlaget 56
Vestlandske maallag 62
Firda maallag 65
Rygjalaget 65
Meldingar fraa maalkontori 67
Det vestlandske maalkontor 67
Sunnmøre maalkontor 69
Maalvoksteren i 1917 av P. E. Hovdan 74
Utdrag or meldingane fraa fylkeslagi 78
Oversyn over stoda i maalsamskipnaden 79

TILLEGG.

Plan for arbeidet i Trønderlaget 83
Norsk i styringsverket 85
Norskupplæring for post- og telegraffolk 87
Lovfyresegner um maalet i folkeskulen 89
Lover for Norigs maallag 93

Aarsmelding

fraa styret i Norigs maallag for aaret 1917.

1. Pengar til maalarbeidet.

I samhald med vedtak paa aarsmøtet paa Voss 9. og 10. april 1917 gjorde styret uppteket med aa kalla saman sendemenner fraa lag med lagsbruk til eit raadleggjingsmøte um spursmaalet: skatt paa lagsbruk.

Norigs maallag og Norigs ungdomslag gjekk saman um dette møtet. Det vart halde paa Voss 6. juli. Melding um dette møtet er fyrr sendt alle lag i samskipnaden.

I rundskriv til maallag og ungdomslag med lagsbruk den 27. oktober 1917 har styret bede desse lagi um at dei — etter aarsmøtevedtaket i fjor — vil løyva 5% av reinvinningi for aaret 1917 til landslaget.

I eit anna rundskriv har styret same dagen kunngjort framlegg til brigde i lovene soleis at 5% skatt til landslaget av reinvinningi paa lagsbruk kan verta lovfesta paa dette møtet.

I december maanad 1917 gjorde skrivaren ei ferd til ymse lag paa Vestlandet og Sørlandet for aa raadleggja med styri i ymse lag um dette lovframlegget. Skrivaren melder at dei alle stader var samde i at 5% skatten no bør verta lovfest.

88

2. Offerdag for maalarbeidet.

I brev dagsett 27. oktober 1917 sende styret lagi minning um offerdagen 1917—18. Til no er for aaret 1917 innkome kr. 1 143,69. Men mesteparten av dette er innkome i tidi januar—juli 1917; so det ser ikkje ut til at maallagi endaa har teke seg serleg paa tak i so maate denne vinteren.

2. Maalkontor.

Paa den ferdi som skrivaren gjorde i desember tala han ogso med sume lagsstyre um skiping av maalkontor. Det er von um at Bondeungdomslaget i Stavanger skipar eit maalkontor for Ryfylke og Rogaland og Kristiansands maallag eit maalkontor for Vestagder.

4. Aarsmeldingar.

Til fylkeslagi vart det sendt aarsmeldeskjema for 1917. Desse meldingane skal vera innkomne innan 15. februar 1918. Styret vil leggja fylkeslag og einskildlag paa minnet aa fylla desse meldeskjema ut etter evna og sende dei inn til rett tid. Det er elles ikkje raad for landslaget aa faa fullt oversyn over maalsamskipnaden og arbeidet i den.

5. Upplysningsarbeidet.

Saman med Norigs ungdomslag har landslaget fraa hausten 1916 til 31. desember 1917 nytta kr. 2 359,69 til ferdatalarar og høvestalarar i bygdene.

Til talarar som no er ute eller tinga for denne vinteren er bunde ein sum paa umlag kr. 1 500,00.

Desse herrane har gjort større samanhengande ferder:

Henrik Rytter	16	fyredrag	i Gudbrandsdalen
	21	»	i Øysterdalen
	19	»	i Telemark
	Sum 56	fyredrag	
Presten			
Haugsøen	10	»	i Valdres
N. Solheim	42	»	i »

No er Trond Vigerust paa ei ferd i Uppdal, Kvikne, Rennebu og Søre Gauldalen.

Elles har vore nytta ymse folk i ymse landsluter til høvestalarar.

6. Utgjevne skrifter.

Styret har i det framfarne aaret late Skrivarstova gjeva ut desse skriftene:

Norigs maallag 1914—1916 .	900	ekspl.
Norigs maallag, aarsmøtet 1917	500	»
Vegar og maatar for arbeidet i maalsamskipnaden, fyredrag av kapt. Os	10 000	»
Skattlegging av lagsbruk . .	500	»

7. Styremøte.

Styret har i det framfarne aaret halde 3 møte: 16. mars, 7. juni og 27. oktober. Paa styremøtet 27. oktober vart dryft og vedtekne desse skrivi til riksmagtene:

a. Skriv til Kyrkje- og undervisningsdepartementet med uppmoding um aa autorisera stavebøker paa bygdemaal.
b. Skriv til Riksstyret med uppmoding um aa syta for fullverkande tilsyn med norsk-upplæringi i skulane.
c. Skriv til Riksstyret med uppmoding um aa syta for norske former paa stadnamni i officielle listor og lærebøker.
d. Søknad til Jordbruksdepartementet um aa gjera sitt til aa faa ei pengeløyving paa kr. 6 500,00 so ein kan faa eit skeid til upplæring i norsk for lærarar paa jordbruksskulane.

8. Pengestellet.

Rekneskapen viser eit overskot paa kr. 2 898,31.

Av denne sumen er umlag kr. 800,00 bunden til talarar som er tinga resten av vinteren, og kr. 200,00 er løyvt, men endaa ikke utbetala Norsk pædagogisk tidsskrift.

Styret vonar at tilskoti fraa lagsbruki og pengar fraa offerdagen vil koma rikelig inn framover vinteren soleis at landslaget kan driva eit ihuga upplysingsarbeid framfor vali til hausten til aa styrkja val av gode maalmenn til tinget.

9. Spursmaalet um pressekontor er under utgreiding.

I styret for Norigs maallag, Oslo 4. januar 1918.

Olaus Islandsmoen. Sev. Eskeland.
Olav Hoprekstad. Halvdan Koht. Søren Noreide.

Edv. Os.

Norigs maallag.

Utdrag or rekneskapen for aaret 1917.

Inntekter:

Aarspengar	kr.	781,80
Offerdag	»	1 143,69
Tilskot	»	2 000,00
Boksal	»	251,69
Stemnor og ymse	»	322,14
Sum inntekter	kr.	4 499,32
Overført fraa fyrre rekneskapen	»	3 300,72
Jamnvigt	kr.	7 800,04

Utgifter:

Løner og kontorhald	kr.	1 401,50
Talarar og ferdapengar	»	1 476,92
Prenting og skrivesaker	»	1 610,68
Porto og transport	»	136,54
Stemnor og ymse	»	276,09
Sum utgifter	kr.	4 901,73
Driftsoverskot	»	2 898,31
Sum	kr.	7 800,04

I Hegdehaugen Sparebank er insett paa bok aat N. ml. kr. 3 027,19
Skulde vore » 2 898,31

Det er kr. 128,88 for mykje.

I Skrivarstova aat Norigs maallag, Oslo 1. januar 1918. *Edv. Os.*

Rekneskapen er ettersedd og funnen rett.

Oslo 11. mars 1918. *Bj. Foss, J. Stubdal,* ettersynsmenn.

Aarsmøtet
i Norigs maallag 5. januar 1918.

Aarsmøtet vart halde i Heradshuset paa Eidsvoll og var det 9. sendemannsmøtet i Norigs maallag, skipingsmøtet i 1906 medrekna.

Formannen opna møtet kl. 12 middag. Han ynskte folk velkomne til møtet og bad sendemennene halda fast paa den store nationale samlingstanken vaar: eit norskt maal i Norig. Det at møtestaden denne gongen var Eidsvoll skulde vera ei maning til oss i so maate.

Lyden song: Gud signe vaart dyre fedraland.

Sendemenner:

Desse sendemennene møtte:

Av *styret:* Stortingsmann Islandsmoen, rektor Sev. Eskeland, professor Halvdan Koht, Olav Hoprekstad, overlærar Søren Nordeide.

Fraa *Skrivarstova:* Kaptein Os.

Fraa fylkeslagi:

Fylkeslag	Einskildlag	Sendemenner
Akershuslaget		Lærar Johs. Røen
	Bærum	Lærar Jakob Nakling
	Eidsvoll	Lærar Hermund Refsdal

Fylkeslag	Einskildlag	Sendemenner
Akershuslaget	Ulsaak	Bonde Johs. Trandum
Austmannalaget		Overlærar Havig, amtsskulest. Renolen, lærar Haugland, Bonde Arne Næss, amtsskulest. Nils Sivertsen, lærar Ivar Prestkvern
	Vestre Gausdal	Ponde Petter Kraabøl
	Jevnaker	Gyda Haslen
	Mesna	Lærar Hove
Karmsund	— — —	— — — — — —
	Haugesund	Lærar O. Gjerstad
Sunnmøre		Bonde Gerh. Kjølaas
Telelaget	— — —	— — — — — —
	Dag, Skien	Bladst. Olav Gullvaag
Vestlandske maallag		Kjøpmann Svein Myran Bladst. Johs. Lavik, sekretær M. H. Takle, folkehøgsk.st. M. Birkeland, ingeniør Hans Seip, lærar Nordhuus, skulediректør Vevle, folkehøgsk.st. Lars Eskeland, lærar Roti, Ingemaar Traavik, bonde Olav Langeland, lærar Olav Brekke
	B.ul. Ervingen, Bergen	Lærar D. Hauge, lærar O. Julseth.
	Bondeungd.l., Bergen	Lærar Hirth, forvaltar Melve
	Vestmannalaget Stord	Disponent C. B. Bugge Overlærar Bergsgaard

Fraa maallag, beinveges innmelde i Norigs maallag.

Maallag	Sendemenner
Oslo	Professor Hægstad, disponent Andr. Haavoll
Bondeungd.l., Oslo	Bladmann Arne Falk, departementssekretær Sigv. Heggstad, docent Olav Midttun, student J. Brunvoll, skomakar Joh. Løkken, Aasen, Svindal.
Studentmaallaget, Oslo	Kadet Frøholm
Voss	Sekretær Jacob Vaage
Norsk Bladmannal.	Bladmann Hans Aarnes
Fosna	Lærar Kaare Fostervoll, skulestyrar Følling
Sandefjord og Sandeherad	Kæmnar Hansen
Umbodsmannalaget Trygd	Direktør E. Berdal

I alt 56 sendemenner med røysterett, fraa 6 fylkeslag og 21 einskildlag.

Saklista.

Denne saklista var sett upp for møtet:

1. Aarsmelding og rekneskap.
2. Lovbrigde um skatt paa lagsbruk.
3. Uppsetjing av politisk valprogram for 1918.
4. Val.

1. Aarsmelding og rekneskap.

Formannen las upp aarsmeldingi.

Vedkomande pengeløyvingi til Norsk pædagogisk tidsskrift gjorde ingeniør *Seip* den merknaden at han ynskte det hadde vorte sett det vilkoret for tilskotet at bladet skulde vera berre paa norsk. Han bad upplyst um eit slikt vilkor var sett.

Skrivaren las upp styrevedtaket um denne løyvingi, so lydande:

«Styret løyver N. pæd. tidsskr. kr. 200,00 for fyrste driftsaaret. Styret gaar daa ut fraa at det vert eit aallmennt pæd. tidsskr. for lærarar fraa alle skular. Styret vil ikkje la vera aa peika paa at det er eit undantak naar det av N. ml. paa dette tidsbil vert løyvt pengar til eit bladtiltak.»

Skrivaren la til, at endaa det ikkje beint fram er sagt her at bladet skal vera paa norsk, so er fyresetnaden det likevel etter ordlyden av den søknaden som ligg til grunn for løyvingi.

Ingeniør Seip og bladstyrar Lavik heldt fast paa at det skulde vore sett det vilkor at bladet skulde vera berre paa norsk.

Aarsmeldingi vart samrøystes vedlagt møteboki.

Skrivaren las upp utdrag or rekneskapen.

Det hadde ikkje vore tid aa faa rekneskapen gjenomsedd. Skrivaren bad møtet dryfta rekneskapen under den fyresetnaden at han rekneskapsmessig set var i orden.

Bladstyrar *Lavik* gjorde framlegg um at rekneskapen skulde verta framlagd paa næste aarsmøte til godkjenning.

Skrivaren gjorde framlegg um at rekneskapen vart godkjennt under den fyresetnad at ettersynsmennene finn han rett.

Framlegget fraa skrivaren vart vedteke.

2. Lovbrigde um skatt paa lagsbruk.

Skrivaren la fram framlegget fraa styret med ei stutt utgreiding, serleg med tilvising til dryftingane og vedtaki paa raadleggjingsmøtet paa Voss i 1917.

Han slutta med aa halda fram, at denne saki no maa segjast aa liggja fyre best mogleg utgreidd fraa alle sidor. Det er ogso synberrt, at det store fleirtalet av maalfolket no ynskjer skipnaden med skatt paa lagsbruk, dei lag det her serleg vil gaa ut over ikkje fraarekna. Det vilde daa styrkja den nye ordningi um styreframlegget vart vedteke mest mogleg samrøystes.

Styreframlegget lydde so:

«Lag med lagsbruk (kaffistovor, herbyrge osb.) legg 5 % av den aarlege reinvinningi fraa lagsbruket i skatt til samskipnaden.

Har fleire lag lagsbruk i sameiga vert denne skatten utreidt av styret for lagsbruket.

For lag som er innmelde baade i Norigs maallag og i Norigs ungdomslag er lagsbruksskatten til Norigs maallag $2^1/_2$ %. Det same gjeld lagsbruk som er sameiga millom maallag og ungdomslag.

Til aa døma i alle tvistmaal med umsyn til utrekning og betaling av skatten skal vera ei nemnd paa 3 mann, 2 valde av aarsmøtet og 1 vald av dei lagi som har skatteleggjande lagsbruk. Nærmare fyresegner um samhøvet millom samskipnaden, lagsbruki og skattenemdi vert fastsette av aarsmøtet.»

Disponent *Bugge* sa seg samd i principet men tala imot formi i framlegget fraa styret. Han gjorde sovore framlegg:

«Lag med lagsbruk (kaffistovor, herbyrge osb.) legg i skatt til samskipnaden 5% av det som laget kvart aar faar av overskotet paa lagsbruki.

For lag som er innmelde baade i Norigs maallag og Norigs ungdomslag er lagbrukskatten til Norigs maallag $2^1/_2$ %.»

Aallmennt ordskifte.

Lærar *Hirth* la fram denne fyreteljingi fraa Bondeungdomslaget i Bergen:

«Med tilhøve av framlag fraa styret i Norigs maallag og Norigs ungdomslag um logbrigde har Bondeungdomslaget i Bergen gjort sovore vedtak:

1. Bondeungdomslaget i Bergen segjer seg samd i det principet at Norigs maallag og Norigs ungdomslag faar ein skatt av fylkeslag og einskildlag av dei inntokor som dei faar av sine lagsbruk.
2. Lag som er innmelde i baae samskipnader, legg helvti av skatten til kvar.
3. Skatten vert sett til 5%.
4. Bondeungdomslaget i Bergen gaar ut fraa at dersom skatteprincipet no vert vedteke, so er det fyresetnaden, at kvart sendemannsmøte (aarsmøte) avgjer korleis lagsens pengar skal verta nytta i budgetbolken. Styret skal for aarsmøtet gjera framlag til budget.

Efter dette gjer Bondeungdomslaget i Bergen

Framlag

for aarsmøtet i Norigs maallag um at det i logerne etter § 3 vert sett inn ein § slik:

Lag med lagsbruk (kaffistovor, herbyrge o.s.b.) legg 5% av dei inntokor, som dei faar av sine lagsbruk, i skatt til landssamskipnaden.

For lag som er innmelde baade i Norigs maallag og Norigs ungdomslag, er skatten til kvar av samskipnaderne 2,5%.

Bondeungdomslaget i Bergen gjer framlag um same ordleiding til brigde i logerne fyr Norigs ungdomslag paa fyrste aarsmøte.»

Med umsyn til ordlyden av framlegget til lovbrigde vilde Hirth ikkje halda uppe serframlegget fraa B.ul. i Bergen, men gjekk over til framlegget fraa Bugge, sidan det gav plent same meiningi. Han vilde likevel ha upp post 4 i grunngjevingi fra B.ul. og gjera sovore tilleggsframlegg til framlegget fraa Bugge:

«Styret skal til kvart aarsmøte gjera framlegg um korleis innkomone etter § 3, 4 og 5 skal verta nytta.»

Hoprekstad meinte at um framlegget fraa Bugge kanske kunde høva paa eit vis for sume lag i Bergen, so vilde det ikkje høva for fleirtalet av lag med lagsbruk. Bugge sitt framlegg tek desutan sikte paa at desse lagi i Bergen skal sleppa med so liten skatt som raad er. Tilhøvt paa dei lagi som ikkje er lutlag vil ei fyresegn som Bugge her gjer framlegg um verka soleis at dei maa svara skatt av all si inntekt; medan lutlagi vil koma unda skatten med storparten av *sine* inntekter. Ein slik skipnad vil ikkje vera rettvis. Tal. vilde difor raada til at styreframlegget vart vedteke.

Os heldt fram dei røynslone han hadde faatt

etter samraadingane han hadde havt med styri for lag med lagsbruk. Dei var alle viljuge aa gaa med paa skatt til landslagi; men dei kravde full trygd for at skatten vart lik for *alle* lag. Reglane maa vera soleis at det ikkje i noko lag kan koma upp mistanke mot andre lag for at dei svarar mindre skatt enn dei retteleg burde etter umsetnad og inntekter paa lagsbruket sit. I so maate vilde framlegget fraa Bugge — um det vart vedteke — verka sers misjamt paa dei ymse lagi.

Det er ikkje den inntekti som lagi *faar* av lagsbruki sine som skal skatteleggjast — etter at det er gjort avskrivningar, upplagt til fonds av ymse slag og gjort pengeløyvingar til andre fyremaal. Nei det er sjølve *lagsbrukdrifti* som skal skatteleggjast; fordi at denne drifti liver paa den idé som landssamskipnaden er tufta paa.

Med umsyn til Kaffistova aat B.ul. i Bergen so staar den i ei serstoda, med di at ho — etter det som er upplyst — er eit *blanda* lutlag. Det vil i denne samanheng segja eit lutlag der ogso lag *utanfor* samskipnaden er med.

Tal. hadde likevel den von at ogso desse lagi vilde finna det rimelegt at landslagi fekk skatt ogso av deira part, soleis at dette lagsbruket kom inn under dei same reglane som dei andre lagsbruki som tenar pengar paa maalreisningstanken.

Seip: Det er ikkje berre i Bergen ein har slike lutlag. Difor er Bugge sit framlegg det greidaste.

Han vilde spyrgja skrivaren kva magt landslaget hadde til aa tvinga dei private luteigarane til aa svara skatt til landslaget. Han vilde ogso spyrgja um det skulde svarast skatt av hus- og eigedomshandel.

Lavik var samd i principet um skatt paa lagsbruk. Men han vilde stydja framlegget fraa Bugge, fordi det gav lagi mest frie hender. Det er best at lagi sjølve faar fullt raadvelde over korleis dei skal nytta pengane sine. Styreframlegget peikar i den leid at sjølvstyreretten i so maate vert minska. Samskipnaden vil etter dette framlegget ogsaa faa høve til aa leggja seg burt i lagsbrukdrifti, og det kunde tal. ikkje vera med paa. Det kan verta strid utav slikt.

Tal. vilde ogso stydja tilleggsframlegget fraa Hirth. Det er naudsynlegt at kvart aarsmøte faar avgjera korleis pengane skal nyttast.

Haraldset spurde um utleggi til sjølve *lagsdrifti* skulde dragast fraa inntektssumen. Han var ikkje heilt klaar over korleis framlegget fraa Bugge var aa tyda.

Os var glad over at alle dei som til no hadde havt ordet var samde i principet um skatt paa lagsbruk. Serleg var det gildt at Bugge og Lavik no hadde kome seg over paa den sida.

Men er vi samd i principet so bør vi ogso vera samd i aa setja principet ut i livet paa slik vis at det kom til aa verta fullverkande. I so maate vil eg heller halda meg til dei som heile tidi har vore med og *gjerne* gjer dei offer som her vert kravt enn til dei som har strita imot og no — daa motstand ikkje nyttar lenger — vil faa skatten vedteken i ei form so han ingi hjelp vil verta. Skal det gaa etter Laviks tanke, soleis at kvart lag sjølv skal avgjera kva det vil yta landssamskipnaden, so trengst ikkje noko lovbrigde. Det har daa lagi høve til aa gjera med dei lover som vi har havt sidan N. ml. vart skipa. Og heller enn ein skatteparagraf etter

framlegget fraa Bugge vil eg ha den gamle maaten.

Seip spurde kva magt landslaget har til aa tvinga dei private luteigarane til aa svara skatt av sin part av overskotet fraa lagsbruk. Til det vil eg svara, at vi har ingi juridisk magt til det. Men vi har ei stor magt over dei med di at alle desse luteigarane er lag som paa serleg vis arbeider for same saki som landslaget, eller dei er maalfolk som ikkje har skrive seg for luter i desse lagsbruki for personleg vinning, men for aa hjelpa fram maaltiltak. Um dei kanske ikkje kjem med ein gong, so er det von um at det ikkje vil vara lenge fyrr dei er med. I so maate vil paaverknad fraa dei luteigarane som høyrer vaar samskipnad til aa ha mykje aa segja.

Vinnst med kjøp og sal av eigedomar gaar ikkje inn under denne paragrafen, like lite som skatt paa hus eller annan fast eigedom som lagi har. Det spursmaalet kan sjølvsagt verta reist i si tid; men det maa daa serskilt lovvedtak til.

Utgifter til lagsdrifti og pengeløyvingar kan ikkje dragast fraa inntektssumen. Det maa lagi reida ut av dei 95 % som vert att, naar landslaget har faatt sine 5 %.

Nordeide trudde ein kom til aa faa liti gleda av skatteparagrafen um han skulde koma til aa lyda slik som Bugge vilde ha det, soleis at lagi berre skulde svara skatt av det dei *faar* fraa lagsbruki. Ein lyt ottast at mange kom til aa ta fraa midel baae til det eine og det andre, so berre ein liten part vart att naar skatten til landslaget skulde reknast ut. Det vilde verta ei kapping lagi imillom um aa koma so *laagt* som raad er, istadenfor so *høgt* som raad er i skatt

til landslaget. Han vilde difor raada til at styre-framlegget vart vedteke.

Lavik: Den gleda som Os tolka over at eg no var komen med i dette spursmaalet kunde han spara seg. Eg har aldri arbeidt imot prin-cipet um skatt paa lagsbruk. Eg har arbeidt *for* det.

Seip: Skrivaren har ikkje rett til aa granska hjarto og nyre og skilja millom dei som er med av heile sitt hjarta og dei som har strita imot.

Bugge: Eg har vore med i denne saki av hjarta. Ja det er eg som har *reist* dette spurs-maalet um skatt paa lagsbruk, og det lenge fyrr Os vart skrivar. Men naar det no skal verta gjenomført, so vil eg ha det praktisk og greidt, so det ikkje kan verta høve til tvistemaal.

Nordeide heldt fram at um framlegget mitt vart vedteke so kunde lagsbruki løyva burt so mykje at landslaget til slutt ingen ting fekk. Det er ein tankegang som eg ikkje hadde venta skulde vorte tillagt nokon her.

Gjerstad: Det er av største vigt aa faa greidt for seg kva *reinvinning* er. Paa raadleggjings-møtet i sumar meinte eg at ein skulde ha rett aa draga fraa skatt til stat og kommuna og des-utan friviljuge gaavor til maalarbeidet. Men det fekk ikkje medhald.

Dei vedtok at *reinvinning* var det som vart att, naar skatt til stat og kommuna var lagd.

La oss daa sjaa korleis ein skatt etter fram-legget fraa Bugge i praksis vil verka. Vi kan til eit døme ta B.ul. i Bergen — utan at eg vil ha sagt at det med umsyn til tal osb. plent høver paa dette laget, det som eg her vil halda fram.

La oss segja at B.ul. i Bergen tener paa kaffi-

stova si kr. 50 000 um aaret. So held dei «aars-møtet» i lutlaget. Dei set av kr. 25 000,00 til byggjefond, kr. 10 000,00 til avskriving paa hus og inventar og kr. 5 000,00 til andre fyremaal. Att er daa kr. 10 000,00. Men av denne sumen «faar» B.ul. berre $^1/_5$ (20%), d.v.s. kr. 2 000,00. Av denne sumen skal det so svarast skatt til landslaget. Det vert kr. 100,00 av ei forretning som gjev et aarlegt overskot paa kr. 50 000.

Um t. d. det laget som eg er utsending fraa — Haugesunds maallag — eit aar har ei reinvin-ning paa kr. 50 000,00 so *lyt* vi betala skatt *ogso* av kr. 50 000,00, d.v.s. kr. 2 500,00. Og det gjer vi gjerne. Men vi krev daa òg at det skal vera likt for alle. Difor kan eg ikkje vera med paa eit framlegg som opnar utveg for vilkorlege og misjamne avskrivingar, avsetjing til byggjefond o.s.b. Landssamskipnaden *treng* all den inntekti som 5% skatten kan gjeva. Difor maa det vera sams grunnreglar for skatteleggjing av alle lags-*bruk*, ikkje av det som *lagi «faar»* fraa lagsbruki sine. Difor maa styreframlegget verta vedteke, eller vi set ein strik over heile skatten.

Haavoll vilde stydja framlegget fraa styret. Det kan nok vera at det ikkje høver fullt ut i alle tilfelle; men det er synberrt at av dei tvo framleggi er styreframlegget det som vil gjera skattevedtaket mest fullverkande.

Hoprekstad: Vi lyt slaa fast at skatten skal svarast av *reinvinningi* av lagsbruket. Naar skatten er lagd kan laget setja fraa til fond o.s.b.

Haraldset hadde sine sterke tvil um denne skatten. Men skulde det fyrst vera so meinte han at framlegget fraa Bugge vilde høva best for det laget som han var sendemann fraa (B.ul., Oslo).

Falk var ikkje i tvil um at principet um skatt paa lagsbruk var rett og at det laut til. Han var derimot i nokon tvil med umsyn til kva for eit av dei tvo framleggi han skulde stydja. Men han var daa likevel komen til at han burde røysta for styreframlegget, fordi det vilde bata samskipnaden og saki best.

Hirth: For B.ul. i Bergen har det ikkje so mykje aa segja kva for eit av dei tvo framleggi som vert vedteke. Vaare inntekter paa Kaffistova er det lett aa slaa fast. Han vilde daa likevel segja fraa at dei tali som Gjerstad hadde tumla med ikkje høvde paa B.ul. si Kaffistova.

Midttun: Kva er det som er dei rette tali daa?

Hirth: Det høver ikkje aa upplysa noko um her. Men som sagt for oss er det eine framlegget like høvelegt som det andre.

Eg vil uttrykkeleg peika paa, at tilleggsframlegget mitt knyter seg like mykje til det eine som til det andre.

Koht heldt fram at styreframlegget var det som tok sikte paa at dette skulde verta ein verkeleg skatt og ikkje berre friviljuge tilskot. Han vilde difor raada til at styreframlegget vart vedteke.

Han tala ogso for tilleggsframlegget fraa Hirth. Det er nok so at aarsmøtet faar full upplysning um korleis pengane vert bruka i rekneskapen; men det er til studnad for styret, at det faar den rettleiding fraa aarsmøtet som ligg i budgetvedtaket.

Formannen kravde no avrøysting um kva for eit framlegg skulde leggjast til grunn.

Med 36 mot 14 røyster vart vedteke aa leggja styret sitt framlegg til grunn for dryftingane um dei einskilde punkt.

Ordskifte og avrøystingar um dei einskilde punkt.

Bolk 1 vart vedteken samrøystes.

Bolk 2. *Bugge* gjorde framlegg um at denne bolken skulde gaa ut.

Styreframlegget vart vedteke mot 7 røyster.

Bolk 3 vart vedteken samrøystes.

Bolk 4. *Bugge* heldt fram at denne tvistemaalsnemdi var eit trugsmaal mot lagi. Og eit slikt trugsmaal vilde han ikkje vita av. Han vilde røysta imot denne bolken.

Løkken ynskte ikkje ei tvistemaalsnemd lovfest. Men ei nemd til aa rettleida lagi um den rette utrekningsmaaten av skatten trudde han det var naudsynleg aa ha, serleg no den fyrste tidi.

Lavik meinte at bolken um denne tvistemaalsnemdi var so mothugleg at han sette heile lovvedtaket i faare.

Os bad Lavik ikkje gløyma den store godhugen som han for ei stund sidan hadde vitna han hyste for denne saki.

Tvistemaalsnemdi er eit midel som ikkje vert bruk for mot andre lag en dei som ikkje vil gjera skyldnaden sin. For alle dei andre lagi var nemdi ei trygd og slett ikkje noko trugsmaal. Stellte alle lagi seg slik som dei skulde, so vart det aldrig bruk for tvistemaalsnemdi. Men ein skal ikkje vera blind for at det *kan* verta tvistmaal, og i det høvet er det plent naudsynleg aa ha ein slik skipnad som denne nemdi.

Lavik upplyste at naar han hadde vitna um godhug for skattesaki so var det for principet. gjenomført paa *hans maate.*

Midttun gjorde framlegg um at styreframlegget

fekk eit innskot so fyrste luten kom til aa lyda:

«Til aa rettleida med umsyn til utrekning og betaling av skatten og døma i alle tvistmaal . . .» Elles som styreframlegget.

Styret gjekk over til dette framlegget fraa Midttun.

I denne form vart bolk 4 vedteken med 37 mot 11 røyster.

Ved røysting til slutt over heile framlegget under eitt vart det vedteke med 41 mot 8 røyster.

Tillegget til lovene kom soleis til aa lyda:

«Lag med lagsbruk (kaffistovor, herbyrge o.s.b.) legg 5 % av den aarlege reinvinningi fraa lagsbruket i skatt til samskipnaden.

Har fleire lag lagsbruk i sameiga vert denne skatten utreidt av styret for lagsbruket.

For lag. som er indmelde baade i Norigs maallag og i Norigs ungdomslag er lagbrukskatten til Norigs maallag 2½ %. Det same gjeld lagsbruk som er sameiga millom maallag og ungdomslag.

Til aa rettleida med umsyn til utrekning og betaling av skatten og døma i alle tvistemaal skal vera ei nemd paa 3 mann, 2 valde av aarsmøtet og 1 vald av dei lagi som har skatteleggjande lagsbruk. Nærmare fyresegner um samhøvet millom samskipnaden, lagsbruki og skattenemdi vert fastsett av aarsmøtet.»

Hirth kravde avrøysting um sitt tilleggsframlegg.

Os heldt fram at sidan dette framlegget ikkje var sett fram med lovleg varsel kunde ein ikkje vedta det i lovs form paa dette møtet.

Han var samd i framlegget og gjorde framlegg um at det vart røysta over det som eit vanleg lagsvedtak. Som eit aarsmøtevedtak vilde det elles vera like bindande for styret som um det var lov.

Hirth sa seg samd i merknaden fraa Os, og gjorde sovore framlegg til vedtak:

«Styret skal til kvart aarsmøte gjera framlegg um korleis innkomone etter lovene § 3, 4 og 5 skal verta nytta.»

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Val av skattenemd.

Os gjorde sovore framlegg:

«Av praktiske umsyn bør skattenemdi vera sams for Norigs ungdomslag og Norigs maallag den fyrste tid.

Av dei tvo som aarsmøtet i kvar samskipnad skal velja inn i nemdi vert difor den eine utpeika som nemdmann og den andre som varamann.

Paa same viset vel lagsbruki aat maallag og ungdomslag ogso 2 mann saman. Av desse vert den eine utpeika som nemdmann og den andre som varamann.

Innan 15. september sender lagsbruki røystesetlar paa sendemann og varamann til Skrivarstova.»

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Klokka var no 3. Møtet var utsett til kl. 5 em.

3. Uppsetjing av politisk valprogram for 1918.

Skrivaren la fram eit prenta *oversyn over dei vigtugaste kravi som er nemde i innkomne framlegg til valprogram for 1918:*

«Kravi i dei programframleggi som er innkomne til Skrivarstova kan ein sera ut fraa kvarandre soleis:

Innleidingi.

Vestmannalaget vil ha programmet innleidt soleis:

«Arbeidet for atterreisingi av det norske maalet held fram i denne leid.»

Det vestlandske maallag set upp desse innleidingsordi:

«Det norske maalet skal verta atterreist til einaste riksmaal i landet. Reisingsarbeidet held fram i denne leidi:»

Skuleskipnaden.

Studentmaallaget i Oslo krev at det vert skipa 2-aarige statsmillomskular med norsk til hovudmaal i landsluter der norsken er hovudmaal i dei fleste bygdene.

Skipingi av fleire landsgymnas maa skundast paa.

Heilnorske paralellklassor i militærskulane og fyrebils paa *ein* teknisk millomskule.

Dei same kravi vert ogso sett upp av *maallaget Dag*, Skien. Dette laget nemner dessutan kravet um paralellklassor paa jordbrukshøgskulen og universitetsprøva i norsk for teologar og juristar. Vidare krev *Dag* at det vert reist eit norsk universitet.

Vestmannalaget, Bergen, sett upp det principet at skulestellet maa verta skipa soleis at ein kan faa all upplæring paa norsk likso lettvint som no paa dansk.

Det vestlandske maallag krev at skuleverket skal verta skipa soleis at ein kan faa all si upplæring paa norsk.

Lovmaalet.

Vestmannalaget, Bergen, og *Vestlandske maallag* krev at landsens lover etter kvart skal verta gjevne paa norsk.

Embættsverket.

Studentmaallaget i Oslo krev at det vert plikt for offentlege tenestmenn aa nytta norsk maal i alt offentlegt arbeid i bygder der norsken er hovudmaal. Embætti i desse bygdene skal ogso lysast ut paa norsk.

Maallaget *Dag*, Skien krev tilsyn med at ingen offentleg tenestmann misbrukar magti si til aa krenkja jamstellingsretten. Embættskontor i landsluter der norsken er sterkast maa gaa heilt over til norsk.

Vestmannalaget, Bergen, og *Vestlandske maallag* krev fyresegner, skjema og kunngjeringar paa norsk og at alle offentlege kontor etter kvart skal nytta norsk. Vestmannalaget og Nes maallag krev at dugleik i norsk skal gjeva ein fyremun ved innsetjing av offentlege tenestmenn. Vestmannalaget og Vestlandske maallag krev at fleirtalet i ein embættskrins kan krevja norskkunnig mann i embættet.

Ymse umkverve.

Studentmaallaget, Oslo, set fram krav um at det skal setjast til vilkor for statsstudnad til private landssamskipnader som har med arbeid millom ungdomen at dei øver full rettferd mot norsken i brevskifte til understadde lag, at desse faar meldeskjema o.s.b. paa norsk maal.

Maallaget *Dag*, Skien, og Nes maallag, *Gvarv*, krev at dei «vitskaplege rette namni paa dei tvo officielle maali, norsk og norsk-dansk vert fastslegne ved lov».

Desse lagi set elles upp principet om full jamstelling millom dei tvo maal i statens styr og stell fraa øvst til nedst og peikar ut einskilde styringsgreiner og einskilde maatar aa gjenomføre denne jamstellingi paa.

Vidare krev maallaget Dag og Nes maallag at norske salmar skal nyttast jamsides dei norsk-danske i alle kyrkjelydar der det kjem fram ynskje um det.

Norsk bladmannalag krev at det norske maalet skal verta lovfest som *einaste* riksmaal i landet og peikar ut korleis dette skal gjenomførast i skule- og styringsverket. Laget krev til og med at «alle offentlege tenestmenn og offentlege kontor skal vera skyldige til *viljugt* aa arbeida for gjenomføringi av norsken. Der skal likevel takast rimelegt umsyn til dei tenestmenn som no er. Soleis skal det ikkje gjerast noko med dei som ikkje kan norsk. Dei skal faa lov aa bruka dansk til hjelpemaal si tid ut.

Vestlandske maallag minner elles um at *mennene* har meir aa segja enn programmet og legg maalfolket serleg paa hjarta at dei set alt

inn paa aa faa valt menn til tings som kan og vil bruka norsken i alt sit arbeid paa tinget.

Framlegg til program paa møtet.

1. Fraa styret i Norigs maallag.

Det norske maalet skal verta atterreist til einaste riksmaal i landet. Difor krev Norigs maallag no:

1. Skuleverket maa verta skipa soleis at ungdomen faar fullgod upplæring i norsk paa alle stig i upplæringi. Serleg lyt dette kravet no verta gjenomført for millomskulen og jordbruksskulane.
2. Fleire landsgymnas maa verta sett i gang snarast raad er med norsk til upplæringsmaal.
3. Nye lover maa vanleg verta gjevne paa norsk.

2. Fraa Studentmaallaget i Oslo.

1. Det maa verta sett som vilkaar for statsstudnad til private landssamskipnader som arbeider millom ungdomen, at det vert synt full rettferd mot det norske maalet, soleis at underordna lag i maalbygdene faar alle prentesaker, t. d. upplysingsskrifter, rundskriv, skjema m. m. paa norsk. Dette gjeld serleg samskipnadene for idrott, fraahald og kristelegt arbeid.
2. Det maa skipast 2-aarige statsmillomskular paa norsk for landsungdom i landsluter der norsken er hovudmaal i dei fleste bygdene. Arbeidet med landsgymnasi maa verta skunda paa so mykje raad er.
3. Heilnorske parallelklassor paa militærskulane.

4. Heilnorsk upplæring i parallelklassor for det fyrste ved *ein* teknisk millomskule.

5. Uavkorta plikt for offentlege tenestemenn til aa nytta norsk maal i alt offentlegt arbeid i bygder der norsken er hovudmaal. Lysingar til embætte i dei landslutene maa vera paa norsk anten det gjeld kyrkje-, skule-, retts- eller herstellet.

3. Fraa Vestlandske maallag.

Det norske maalet skal verta atterreist til einaste riksmaal i landet. Reisningsarbeidet held fram i denne leid:

1. Skulane vaare skal verta skipa soleis at ein kan faa all si upplæring paa norsk.

2. Landsens lover skal etterkvart verta gjevne paa norsk, og riksstyret skal syta for at alle fyresegner, skjema og kunngjeringar kjem paa norsk. Alle offentlege kontor skal etterkvart nytta norsk.

3. I embætte og andre offentlege umbod skal ein hava rett til aa faa umbodsmenn som brukar norsk, naar slike er aa faa og fleirtalet av folket i umbodet krev det.

4. Fraa Vestmannalaget.

Arbeidet for atterreising av det norske maal held fram i denne leid:

1. Norske skular skal verta skipa soleis at ein kan faa all si upplæring paa norsk likso lettvint som no paa dansk.

2. Landsens loger skal etterkvart verta gjevne paa norsk, og riksstyret skal syta fyre at alle fyresegner, skjema og kunngjeringar kjem paa

norsk. Alle offentlege kontor skal etterkvart nytta norsk.

3. Naar embættsmenn og andre offentlege tenestmenn vert tilsette, skal den regelen gjelda, at den som brukar norsk og elles er dugande, har fyremunen.

4. I embætte og andre offentlege umbod skal ein hava rett aa faa umbodsmenn som brukar norsk, naar slike er aa faa og fleirtalet av folket i krinsen krev det.

5. Fraa Norsk bladmannalag.

Det norske maalet skal verta logfest *einaste* riksmaal i landet, logfest hovudmaal i alle riksskular og riksstudde skular fraa folkeskulen til allskulen, logfest upplæringsmaal i alle handelsskular som vert godkjende av departementet, logfest kyrkjemaal i den norske statskyrkja. Riksstyringi skal syta fyre at alle nye loger vert gjevne paa norsk. Alle fyresegner, rundskriv, skjema og kunngjeringar skal vera paa norsk. Alle offentlege tenestemenn og offentlege kontor skal vera skyldige til viljugt aa arbeida for gjenomføring av norsken. Riksmaalsskiftet skal verta gjenomført etter ein fast plan for heile landet. Ved overgangen til det norske riksmaalet skal ein taka rimelegt umsyn til dei offentlege tenestemenn som no er, soleis skal dei som ikkje kan norsk faa lov til aa bruka dansk til hjelpemaal si tid ut.

Vidare har Norsk bladmannalag vedteke sovori uppmoding til maalfolket:

Til tingmenn og nemdarmenn lyt verta valde menn som brukar norsken og vil skriva logene og dei offentlege fyresegner paa norsk. I ollo

lyt vi baade til umbod og elles velja menn som brukar norsk. Det er det fyrste norsk-maalsmennene no lyt gjera, berre aa velja slike menn som baade kan og vil bruka norsk. Mennene er vigtugare en programet. Bladmannalaget vil beda alle maallag aa gripa inn i valet etter beste evna paa den maaten at der vert tekne menn som brukar norsk.

(Fraa ymse andre lag var ogso innkome framlegg til program. Men dei vart ikkje upptekne paa møtet. Difor kjem dei ikkje med her onnorleis en i oversynet framanfor.)

Aallmennt ordskifte um programet.

Møtet heldt fram kl. 5 em.

Formannen tok upp framlegget fraa styret med ei stutt grunngjeving.

Han minnte um at alle saker som hadde vunne seg fram i vaart samfund fyrst hadde faatt fullt rom og heil rett gjenom politisk strid.

Naar Norigs maallag no — so tidleg paa aaret — held aarsmøte, so var dette for aa ha programmet ferdugt i god tid fyrr dei politiske parti held sine aarsmøte, so programmet vaart kan verta fullt kjennt.

Det er serleg vinstrepartiet vi lyt setja vaar von til. Han minnte um det nationale arbeidet, som vinstre dei siste mannsaldrar hadde fullført paa ymse umkverve. No maatte det koma sterke, greide krav fraa maalfolket, so vilde stortinget gaa med paa aa gjeva norsken det romet han har krav paa — i administrasjon og styringsverket.

Han nemde serleg arbeidet med norskare skular.

Serleg maa vi no faa norsk inn i millomskulane og det maatte dertil koma eit strengt tilsyn med at dei fastsette reglar for bruk av norsken i skulane vert haldne.

Det kunde sjølvsagt verta strid og ymse meiningar om arbeidsmaaten i maalreisingsarbeidet, men eit krav skulde maalfolket reisa no:

Eitt norskt maal i Norig.

Det politiske andsvaret for maalarbeidet kviler paa Norigs maallag. Det er visse ting ein politikar ikkje kan koma utanfor, principielle ting. Det er ikkje alltid ein vinn fram med kravet ved fyrste val, men ein held kravet uppe likevel og vinn fram næste gong.

Endaa dei 2 maali er jamstellte her heime, so er det dansken som raar. Og med dette for auga er kravi uppsette i framlegget fraa styret. Vil ikkje noko politisk parti taka upp maalprogrammet no, so vert det gjort seinare. Dette krav maatte koma sterkare fram no. Det kunde føra til strid sjølvsagt, men striden maatte koma. Maalstrid har jamt vore ein kveik for maalreisingi og ført maalsaki vidare.

Spursmaalet um rettskrivingsformene meinte formannen ikkje burde koma med i dryftingane um det politiske programmet. Han trudde elles det var mange maalmenn som tok for sterkt umsyn til motmennene. Det kan vera naturleg, for vi er ikkje tvo folk i dette landet. Men lat oss hugsa at vaart arbeid er aa leggja vigti paa det som batar norsken mest.

Han gjorde framlegg um at styret sit framlegg vart lagt til grunn for dryftingan um maalprogrammet for 1918.

Skrivaren referera utkast til skriv til riksmagtene vedkomande bruk av norsken i styringsverket, sjaa seinare.

Bladstyrar *Lavik:* Kravet no maatte vera *full* upplæring i norsk. No maatte maalfolket krevja at dei som heretter *vil* skal faa høve til aa læra maalet til fullnads, so dei kan bera det fram paa ein betre maate enn vi, som har faatt skjemt vaar maalkjensla gjenom dansken. Det gjeld fyrst og fremst at dei som staar i brodden, at dei kann fullgod norsk. Og i det Vestlandske maallag vil det segja det maalet vi har i dag.

Han tok upp programframlegget fraa Vestlandske maallag men vilde gjera dette tillegg:

«Dei nye 4 aars gymnas som heretter vert skipa, skal vera paa norsk.»

Lars Eskeland meinte at maalfolket altfor lenge hadde halde paa jamstellingsvegen. «Eitt maal» vert ikkje arbeidt fram gjenom jamstelling. Han gledde seg over framlegget fraa styret og fraa Vestmannalaget for di dei reiste krav um norsk til einaste riksmaal. Jamstellingsvegen er vorten til ein faare. Vi vil ikkje gjera riksmaalsmennene urett. Dei maa faa upplæring paa sitt. Men maalet for vaart arbeid maa vera atterreising av det norske. Og talaren tykte Vestlandske maallag hadde faatt kravi klaarast fram.

Han vilde elles ha eit par smaa brigde i Vestlandske maallags framlegg ɔ: Riksstyret maatte sjølv innsetja embættsmenn i dei landsluter der folk talar norsk. Han strika under Laviks krav um berre norske landsgymnas.

Vi maa ikkje krevja fleire landsgymnas, minder vi ogso krev at det skal vera heil norsk upplæring. Det var klaart, at det skulde vera

fullnorsk upplæring paa Voss, men det er ikkje det. Det er ikkje alle lærarane som nyttar det.

Taletidi vart no sett til 5 minut for talarar som seinare skreiv seg inn.

Hans Aarnes tok upp programmet fraa Norsk bladmannalag og heldt fram at norsken no var ferdug til lovfest riksmaal. Han peika paa skilnaden det er i kravet fraa bladmannalaget og i dei andre framlegg. Bladmannalaget godkjenner ikkje lenger jamstelling. Den danske lina skal kappast, og norsken lovfestast til einaste riksmaal.

Formannen nemde at styret tok upp dette framlegg som tillegg til post 2: «med norsk til upplæringsmaal» soleis at post 2 i styreframlegget kom til aa lyda:

«Fleire landsgymnas maa verta sett i gang snarast raad er med norsk til upplæringsmaal.»

Bugge trudde ikkje at programmet um lovfesting av norsken som einaste riksmaal no med ein gong vilde føra til noko. Dersom sterke ord og bravadar aaleine kunde føra fram vilde han ha røysta for framlegget fraa bladmannalaget. Men det er ikkje nok. Han meinte at maalprogrammet i aar burde formast mest mogeleg i samhøve med dei valprogram vi fyrr har havt. Styreframlegget var eit atterstig fraa 1915. Fleire vigtuge krav som etter ikkje liten strid hadde kome med paa vinstreprogrammet sist var ikkje tekne med. Han tok upp Vestmannalaget sitt framlegg til maalprogram.

Han vilde likevel røysta for styreframlegget post 2 i den form det no hadde faatt.

Seip: Det er godt aa ha eit merke ungdomen

vil fylgja. Og det har vi faatt no med aa krevja norsk til einaste riksmaal. Vi maa burt fraa jamstellingslina. Og vi vil ikkje godkjenna noko politisk parti, som ikkje bryt med dette snakket um jamstelling.

Vevle tala i same leid. Serleg heldt han sterkt paa den innleidingi som styreframlegget hadde. Her var Vestl. maallag og Norigs maallag og samde.

Han aatvara mot aa setja kravet um at skjema skal vera utsendt *baade* paa norsk og dansk — upp paa valprogrammet. Det kunde føra til at kontor som no nyttar berre norsk, kjem til aa lota nytta skjema paa dansk ved sida av. Raadde elles til Vestlandske maallags program 1 og 3 og posten um landsgymnas i styreframlegget.

Koht saag ikkje nokon stor skilnad i dei ymse framlegg. Alle var sjølvsagt samde um at jamstellingsvegen i lengdi ikkje fører fullt fram. Men naar det no vert kravt fullt rom for norsken, var dette kravet bygt paa det gamle programmet. Det er greidt vi vil fram til norsk maal. Og det er eit stort stig mot dette med den siste rettskrivingsresolutionen. Det er det norske talemaalet ein skal reisa til vyrdnad og til einaste riksmaal i landet. Naar det er reist krav um at minst halvparten av alle skjema fraa styreverket skal koma paa norsk, so er det rett og peikar i rett leid. Talaren var heilt usamd med Lavik um millomskulen. Vi maa faa nokre av desse skulane over paa norsk. Han heldt elles paa styreframlegget.

Han var i mot kravet um, at berre dei bygder som *krev* norske embættsmenn maa ha rett til

aa faa det. Det vilde føra til at riksmaalsbygder vilde krevja embættsmenn som nytta berre dansk og ha rett til aa faa det. Ei rekkja embætte vilde daa vera stengde for embættsmenn som nytta norsk.

Refsdal trudde største arbeidet no var aa faa Austlandet med i maalreisingi. Det spørst difor um vi ikkje maa taka saki som ei skulesak. Det var lærarane som anda kjærleiken til maalet inn der vest, og vi lyt gaa same vegen her. Men det er aa ottast at vi antan ikkje faar lærarar eller og lærarar uten godvilje. Vilkori no er slik. Her møter lærarane illvilje mot landsmaalet, og dei har vandt for aa verta framflytte um dei er maalmenn. Eg kan syna svart paa kvitt for at lærarar vert vraka berre for di dei er maalmenn. Og talaren trudde det var naudsynleg aa taka uppatt saki um aa gjera ein nyskipnad med lærarinnsetjingi. Han meinte post 3 i Vestlandske maallags program maatte inn i styret sit framlegg.

Lavik polemiserte mot Koht. Vilde gjerne ha med post 3 fraa Vestmannalaget.

Midttun tala imot framlegget um at krinsane kunde krevja maalfolk til postane. Det vore ikkje rart med maalreisingi, dersom vi ikkje hadde fleire maallærarar enn det er postar aat dei.

Det var sers nyttigt aa spyrja seg sjølv kva ein faar igjenom med programpostane. Det var stor slagstyrke i kravet um artiumsstilen i 1906. Hadde bladstyrar Lavik faat sin vilje gjenom den gongen, so hadde vi ikkje havt stilen. Vi maa ro alle sund.

Professor *Hægstad:* Det er gildt at ungdomen er modig, men leidt naar han vert ovmodig. Eg

skulde ynskja Aarnes fekk liva so lenge at han saag programmet sitt gjenomført. Men her finnst folk utanfor denne forsamlingi. Og skulde vi ha halde so fram fyrr som Aarnes stemner, er eg rædd vi ikkje hadde havt ei slik forsamling. Vi har retta paa det som vanta, stykkevis. Og endaa er her so mykje motstand, at det er ikkje berre aa gaa paa. Ein maa enno vara stigi sine, um ein ikkje skal snaava. Jamstellingsvegen er enno ikkje utnytta. Kvar har telegrafistane og butikfolket lært seg den fine dansken? Paa millomskulen. Der vart dei konfirmerte. Millomskulane maa ned eller reviderast. Det er det vigtugaste for oss i dag (Fagning).

Ingen kan segja korleis eit riksmaal i framtidi ser ut. Lat oss difor ikkje slaast um formene, men kappast. So lenge eg har den von at Austlandet no vil reisa seg vil eg vera glad i dei formene som er norske og byggjer paa det norske, men eg held paa det gamle til mit personlege bruk.

Hoprekstad var rædd brubyggjingi millom maali. Industrialismen breider seg der vest og gjer vestlendingane utrygge. Vi har funne vaar form.

Skjema paa norsk treng vi ikkje krevja i programmet. Slike skjema er det berre aa krevja av dei offentlege kontori. Og ein lagar ikkje maalprogram for riksstyret.

Sekretær *Heggstad* var imot dei programframleggi som hadde vore dryfte. Dei krev alt og so faar vi ingenting. Det er einskilde ting vi maa krevja. Difor vilde talaren ha upp skuleposten etter framlegget fraa Studentmaallaget.

Bugge upplyste at Vestlandske maallag sette upp sit program som protest mot rettskrivingsresolutionen. Han skulde for sin part ikkje ha noko serleg imot at kravet um skjema paa norsk gjekk ut or programmet.

Røen var einig med Hægstad, Midttun og Koht. Er vi for stride, so vinn vi ikkje stort her aust. Vi faar gjera oss dugande til aa bruka norsken. Vaknar ikkje vi maalmenn til aa bruka norsken meir, so nyttar det ikkje med program. Vestlendingane er ikkje komne hit *med* maalet, dei er komne hit og har *tynt* maalet med knotet sitt. Av dei eldre venta vi ikkje likare, men vi ventar meir no.

Nordhuus tala for programframlegget fraa bladmannalaget.

Koht: Her vert eit rot no. Men alt stilar mot eitt maal paa den norske maalgrunnen og daa er det rimeleg vi held paa den uppsette programinnleidingi.

Lavik: Hadde mitt syn vunne i 1906, so hadde vi no havt fleire landsgymnas.

Sivertsen tala i same leid som prof. Hægstad.

Haavoll tala for framlegget fraa Bugge.

Formannen kravde no avrøysting um kva for eit programframlegg skulde leggjast til grunn.

Framlegget fraa Norsk Bladmannalag vart vraka med 50 mot 3 røyster.

Framlegget fraa styret i Norigs maallag vart vedteke med 27 mot 25 røyster.

Røysting um dei andre programframleggi fall dermed burt.

Ordskifte og avrøystingar um dei einskilde punkt.

Innleidingi.

Gjerstad tala for innleidingi fraa Vestmannalaget. Det er noko røynlegt som det store vinstrepartiet vil gaa med paa.

Framlegget fraa Vestmannalaget:

«Arbeidet for atterreisingi av det norske maalet held fram i denne leidi» vart vedteke med 29 mot 25 røyster.

Post 1.

Bugge tok upp post 1 paa Vestmannalaget sitt program.

Sekretær *Heggstad* tok upp post 2, 3 og 4 or framlegget fraa Studentmaallaget som tillegg til framlegget fraa styret.

Sivertsen gjorde sovore framlegg til redaktion av post 1:

«Skuleverket maa verta skipa soleis at det paa alle stig i upplæringi vert skular med fullnorsk upplæring, og elles høve til aa læra norsk ved alle skular. Serleg gjeld dette no millomskular og fagskular».

Lavik vilde stydja framlegget fraa Bugge.

Avrøysting: Styreframlegget vart vraka med 30 mot 22 røyster. Framlegget fraa Bugge vart vraka med 27 mot 24 røyster. Framlegget fraa Sivertsen vart vedteke med 40 mot 4 røyster. Framlegget fraa Heggstad vart vraka med 28 mot 22 røyster.

Post 2.

Styreframlegget vart vedteke mot 3 røyster.

Post 3.

Bugge tok upp fyrste setning i post 2 paa framlegget fraa Vestmannalaget soleis at post 3 skulde faa denne ordlyden:

«Landsens lover skal etterkvart verta gjevne paa norsk.»

Til baae framleggi gjorde han framlegg um sovore tillegg:

«Alle offentlege kontor skal etterkvart nytta norsk.»

Ved alternativ røysting millom styreframlegget og fyrste luten av framlegget fraa Bugge vart styreframlegget vedteke mot 16 røyster.

Tilleggsframlegget fraa Bugge vart vedteke mot 7 røyster.

Ymse framlegg.

Bugge tokk upp post 3 paa programmet fraa Vestmannalaget:

«Naar embættsmenn og andre offentlege tenestmenn vert tilsette skal den regelen gjelda at den som brukar norsk og elles er dugande har fyremunen.»

Framlegget vart vraka med 24 mot 23 røyster.

Refsdal gjorde sovore framlegg:

«Naar det skal innsetjast embættsmenn og umbodsmenn, maa det krevjast at den som kan bruka norsken har fyremunen, naar han elles er dugande. Serleg maa dette kravet gjelda naar det skal tilsetjast lærarar.»

Dette framlegget vart vraka med 40 mot 7 røyster.

Lavik tok upp post 4 paa framlegget fraa Vestlandske maallag:

«I embætte og andre offentlege umbod skal ein hava rett aa faa umbodsmenn som brukar norsk, naar slike er aa faa og fleirtalet av folket i krinsen krev det.»

Dette framlegget vart vraka med 30 mot 16 røyster.

Kadet *Frøholm* gjorde sovore framlegg:

«Norsk skal vera officielt hermaal.»

Dette framlegget vart ikkje uppteke til dryftings.

Ved røysting um heile programmet under eitt vart det endeleg vedteke mot 3 røyster i denne formi:

«Arbeidet for atterreisingi av det norske maalet held fram i denne leidi:

1. Skuleverket maa verta skipa so, at det paa alle stig i upplæringi vert skular med fullnorsk upplæring og elles høve til aa læra norsk ved alle skular. Serleg gjeld dette no millomskular og fagskular.

2. Fleire landsgymnas maa verta sett i gang snarast raad er med norsk til upplæringsmaal.

3. Nye lover maa vanleg verta gjevne paa norsk. Allle offentlege kontor maa etter kvart nytta norsk.»

Lars Eskeland gjorde sovore framlegg til vedtak:

«Aarsmøtet i Norigs maallag bed riksstyret syta for at det vert gjeve fullgod upplæring i norsk ved telegrafskeid og skeid for posttenestmenn og alle liknande skeid.»

Dette framlegget vart vedteke mot 3 røyster.

Det vart samrøystes vedteke aa senda riksstyret denne fyreteljing:

Norsk i styringsverket.

Det er eit gamallt krav fraa norskmaalsfolket til riksmagtene at det vert sytt fyre at offentlege kontor etter kvart tek det norske maalet i bruk i brev, kunngjeringar og fyrerit (skjema og blankettar).

I den siste tidi har det ogso vore nokon framgang i so maate. Men det kan ikkje segjast at det norske maalet endaa har faatt den retten

og det romet i styringsverket som det for lenge sidan godkjende principet um full jamstelling millom dei tvo riksmaal i landet maa tilsegja.

Det vanlege er no at brev og fyrerit fraa styringsmagtene kjem paa norsk-dansk. Hender det stundom at eit skjema eller ei kunngjering kjem paa norsk, so kjem det stendig ogso ut i norsk-dansk umsetjing. Paa dette viset kan aldri norsken naa fram til godkjenning som styringsmaal.

Etter Norigs maallags meining er det ein av tvo vegar aa gaa:

1. Alle kunngjeringar og fyrerit fraa offentlege styringsgreiner kjem paa baae maal, eller

2. Styringsmagtene let *sume* kunngjeringar og fyrerit koma paa norsk, *sume* paa norsk-dansk.

Den fyrstnemde maaten er baade tung og kostesam og svært lite praktisk.

Den sistnemde maaten tykkjest derimot gjeva ei løysing paa spursmaalet som er baade praktisk og rettvis mot alle partar.

Norigs maallag krev difor at for alle offentlege styringsgreiner maa verta gjort den skipnaden at minst halvparten av alle kunngjeringar og fyrerit vert gjevne paa norsk.

Av dei officielle dokument som ein i fyrste rekkja maa krevja berre paa norsk vil vi serskilt nemna *den nye normalplan for folkeskulen*, som no er i emning, med tilhøyrande meldeskjema og fyrerit.

Um det skal verta aalvor med aa faa norsken inn i styringsverket maa ein ogso ta umsyn til dugleik i norsk naar det gjeld innsetjing av offentlege tenestemenner.

Det maa difor verta sytt fyre aa faa norsk-

kunnige folk inn i alle offentlege styringsgreiner. Soleis som maalstoda no er her i landet er det ogso eit naudsynlegt krav naar det gjeld innsetjing av offentlege tenestemenner at:

Ein søkjar som er fullfør i baae maal og elles er velskikka for den posten han søkjer maa gaa framum dei søkjarane som kan berre det eine maalet.»

4. Val.

Skrivaren gjorde framlegg um at val paa styre og umbodsmenn skulde staa ut til næste aarsmøtet, fraarekna skattenemdi som var ny.

Dette framlegget vart vedteke mot 3 røyster.

Til skattenemd vart professorane *Gjelsvik* og *Skeie* valde samrøystes.

Dryftingane vart heilt ferduge kl. 8,30 em.

Det laag fyre innbjoding fraa folkehøgskulestyrar Sørensen til alle sendemennene um aa koma burt paa folkehøgskulen etter kveldstid. Innbjodingi vart samrøystes motteki med takk.

Samveret paa folkehøgskulen.

Skulestyrar *Sørensen* og *frua* tok imot og det vart ein minnerik kveld.

Det som serleg tok alle var fraasegni fraa skulestyraren um at skulen var seld og skulde gaa over til helseheim.

Veterinærkaptein *Hjelde* upplyste paa vegner av Romerikes ungdomsforbund at ungdomsforbundet hadde gjort upptak til aa faa berga skulen, um det enn vilde verta i ei onnor form en til no. Ungdomsforbundet hadde gjort upp plan um aa faa skulen umskipa til landsgymnas. Dei nye eigarane hadde stellt seg velviljugt og gjeve ei arbeidsnemd skulen paa hand for ein større sum. Det var von um at denne sumen kunde verta reist.

Det som det no galdt var aa faa riksmagtene med paa aa leggja eit landsgymnas her. Han bad Norigs maallag vera til hjelp med dette. Rett nok vilde det etter hans skyn ikkje høva at dette landsgymnaset vart skipa heilt ut paa norsk grunnlag soleis som han kunde tenkja at Norigs maallag kunde ynskja det. Men i alle høve maatte det vel verta parallelklassor med norsk til upplæringsmaal. Han vona difor at det som skilde ikkje var so mykje som dei grunnan som skulde tala for at ogso Norigs maallag gjerne saag ein slik skule for landsungdom paa Eidsvoll. Aandi paa skulen skulde i i alle høve verta norsk, um ikkje upplæringsmaalet vart det.

Lars Eskeland og professor *Hægstad* svara paa møtelyden sine vegner og heldt fram at Norigs maallag gjerne saag eit landsgymnas lagt til Eidsvoll. Men norsk upplæring maatte det vera. Noko husmannsrom kunde ikkje det norske maalet nøgja seg med paa ein skule for bondeungdom. Di norskare skulen vart desto sterkare vilde han verta: for daa vilde han ha ei national og aandeleg uppgaava ved sida av den materielle nytta han vilde verta for bygdi,

med di at ungdomen fekk lett tilgjenge til høg=
are uplæring.

Samveret heldt fram utover kvelden med song og mindre talar inn i millom. Det var ogso duka eit rikt desertbord for gjestene.

Gudstenesta og gilde.

Sundag 6. januar var det norsk messa i Eids=
volls kyrkja ved stiftskapelan *Andersen*. Han heldt ei innhaldsrik og velforma preika der han serleg la ungdomen paa hjarta aa halda sine hugmaal uppe under kvardagsstrævet.

Um kvelden var det gilde i heradshuset, skipa av Eidsvolls maallag.

Lars Eskeland tala um norsk bondereisning. Fyredraget er utgjeve i serprent av Norigs ung=
domslag. Nærmare upprit trengst difor ikkje her.

Professor *Koht* tala um austlandsk reisning. Professoren mana austlendingane til aa faa dei austlandske maalføri inn i skriftmaalet. Dei nye valfrie sideformene baade til landsmaalet og riks=
maalet gjev austlandsmaalet rom og rett og full fridom. No spørst det berre etter at austlend=
ingen brukar sitt eige maal ogso i skrift og gjer sitt til, at vi snart kan samla oss um *eitt* norsk maal.

Gjellesvik spela nationale slaattar.

Eit songkor, styrt av *Sigurd Nesse*, song fleire væne songar.

Elles var det samsong, mat og leik.

Formannen takka Eidsvollsbygdi for god gje=
stevenskap mot dei som var komne til møtet utanbygds fraa.

Skrivaren takka Eidsvolls maallag ved lærar Røen, og tilskipingsnemdi ved lærar Kaare Fo=
stervoll for god tilskiping med baade hus og mat aat alle sendemennene. Og det var ikkje berre matberging og husrom vi hadde funne paa Eidsvoll, men hjarterom og samhug for den saki, som vi hadde vore samla um her, i større mun en kanske mange hadde venta.

Han mana til slutt maalfolket til aa koma i hug at arbeidet med uppsetjing av program og maal for arbeidet vaart hadde mindre aa segja en det arbeidet vi lyt gjera for aa *naa* dei maali vi set oss. Det er til sjuande og sist dette dag=
lege arbeidet i lag og lyd og i all vaar prak=
tiske gjerning det kjem and paa. — Det er mange som tek bakvendt paa dette arbeidet. Dei meiner det er maalreisnings arbeid aa gaa um=
kring med sure minor og sutra og klaga jamt og stødt over kor ille det staar til med norsken i dette landet. Dette er ikkje maalreisnings ar=
beid. Og det er heller ikkje grunn til alle dei klagemaali vi høyrer. Det gaar stendig fram. Det ser den, som i striden har evna til aa halda oversynet og døma um verknaden av framstøyt=
ane. Sjaa no kva som har hendt dei siste dagane. Her har vi skote paa den høge, faste danemaalsborgi i landet so lenge med harde konsonantar og norske tviljodar og a=endingar og norske ord og vendingar so hart og djervt og lenge at no staar dei tett i tett i murane i danemaalsborgi. Og det er hol paa hol i so rikeleg mun at vi ser — vi ser den *norske him=
melen* gjenom skotholi.

Den danske maalborgi i Norig staar for fall! Landet er vaart! Framtidi er vaar!

Meldingar um arbeidet i fylkeslagi.

AKERSHUSLAGET.

Akershuslaget har seks maallag under seg, — Drøbakk, Bærum, Ullsaker, Eidsvoll, Skedsmo og Sørum, dei fire fyrste skipa i 1912, dei to andre i 1915 og 1916. For 1917 har det kome aarsmelding fraa alle, so nær som det siste.

Dei fem lagi har no tilsaman 150 lagsfolk. Dei fire fyrste gjev upp at dei hadde ei inntekt paa tilsaman kr. 304,33 og ei utgift paa kr. 237,77. Inkje av dei eig noko lagsbruk. Kvart lag har halde 2, 3 eller 4 møte i aaret.

Det er daa smaa og fatige lag, dette, og dei har ikkje stort faatt gjort. Ullsaker maallag har betalt halve aarspengane for dei som vilde tinga «Norsk Barneblad». Drøbakk maallag har ytt kr. 25,00 til dagbladet «Norig». I Ullsaker og Eidsvoll har maallaget hjelpt til med talarar for andre lag.

I det heile har det vore eit «daudt» aar. Matstrævet har teke dei fleste. Men vi har ei von um at rettskrivingsbrigdet fraa desember 1917 skal gjeva oss ei god hjelp, og vi skal freista nytta det vaapen vi soleis fekk.

Fylkeslaget heldt aarsstemna si i Blaker den 10. juni med fullnorsk gudstenesta i kyrkja ved presten Jacob Sletten og med tale um maalsaki

paa Austlandet av statsraad J. Løvland. Ein tilemna Luther-fest i Eidsvoll vart det ikkje noko med, for farsott i bygdi.

Baade i februar og i november gjekk det ut brev til einskildlagi um aa stydja vikebladet «Bonden» og elles har lagi hjelpt til med aa faa selt lotnumer for maalmarknaden i Nidaros.

Styre i Akershuslaget vart paa siste aarsmøte sett i hop soleis: Professor Halvdan Koht, Lysaker (formann), lærar Hans Ege, Drøbakk, (næstformann), frøken Borghild Trandum, Kløften (kassestyrar), lærar Johannes Røen, Eidsvoll og fanejunker Johan Sørli, Sørum.

Lysaker 3. mars 1918.

Halvdan Koht.

AUSTMANNALAGET.

a. Arbeidet i einskildlag.

1. Fylkeslaget har ikkje faatt nokor melding til seg send enno.
2. Fylkeslaget veit ingen ting um arbeidet i einskildlagi.
3. Fylkeslaget burde ha raad til aa senda ein talar rundt aat alle lagi.

b. Arbeide i fylkeslaget.

1. Vi har havt eit aarsmøte og eit foredragsmøte.
2. Ingen utsend talar.
3. Aarsmøte paa Hundorp (folkehøgskulen) 6. januar, 42 utsendingar. Ordskifte um bladet «Bonden» og «austlandsk reising» — innleidt av Rasmus Stauri. Innleidaren gjorde framlegg til

fraasegn fraa Austmannalaget um korleis laget vilde at ordi i landsmaalet skulde stavast. Framlegget fekk mykje motkast, og vart vraka mot 4 røyster. «Bonden» fekk vondord fraa Islandsmoen for di han mana austlendingen til aa reise sitt eige maal. — Eit anna framlegg vart vedteke (mot 10 røyster). Det lydde so:

«No lyt austlandet bli med i det norske maalreisingsarbeidet. Det det daa fyrst og fremst gjeld um, det er aa stanse det *avnorskings*-arbeidet som bygdemaali vaare lid under.

Hittil er det full skulen som har gjort mest til avnorskingi. Difor set vi dei krav til skulen,

1. at læraren skal hjelpa eleven til aa tala bygdemaalet sitt reint,
2. at han sjølv talar so god norsk som han kann, og
3. at heller ikkje maalet i lærebøkene er so unorskt so det er til mein for norskupplæringi.»

So vart det vedteke at Austmannalaget skulde søkja statsmagtene um aa faa ein ungdomsprest for Hamar bispedøme som preika paa norskt maal og var viljug til aa hjelpa til med avhaldsarbeidet.

I september hadde vi eit foredragsmøte i Brandbu. Prof. Koht tala um «folkestyre og national reising», prof. Liestøl um «Folkesegner» og docent Midttun um «flamsk maalreising». Det var eit godt møte.

4. Plan for arbeidet i komande aar? Det er aa pusla som vi har gjort, eit aarsmøte og eit foredragsmøte.

5. Det er lite liv i det store Austmannalaget. Og det har vi oss sjølve aa takka for. Men so har vi ingen andre aa takka for det vesle som *er* hell.

Ringsaker st., 19. februar 1918.

Ivar Prestkvern.

KARMSUNDS MAALLAG.

I det store og heile ligg bygdene i Karmsund i dvale, naar det gjeld maalsak og nasjonale spursmaal. Her er nok mange gode einskildmaalmenn kring i bygdene, dei er maalmenn for seg sjølv, men finn det paa jamnaden vonlaust aa gaa i gang med noko maalreisingsarbeid.

Maallaget i Haugesund har i fleire aar gjeve tilskot til kveldskular med upplæring i norsk. Likeeins halve aarspengar til «Norsk Barneblad». Barnebladet har paa denne maaten funne vegen til mange heimar, baade i Haugesund og Karmsund. Desutan har Haugesunds maallag kvart aar sendt ut ein ferdatalar kring fylket. Haugsøen har soleis gjort fleire ferder og halde messor og foredrag.

Blixsalmane er tekne i bruk i Skutenes og Torvestad. I Skaare tenkjer dei paa aa gaa til avrøysting med det fyrste.

Vart upptaket gjort paa ein vitug maate, vilde Blixsalmane vonleg verta innrøysta i dei fleste kyrkjor i Karmsund.

Naar jordbotnen for eit godt maalarbeid er

mindre god i Karmsund krins, so kjem vel dette fyrst og framst av at ungdomen ferdast so mykje ute, paa fiske og tilsjøs.

Haugesund, den 6. mars 1918.

O. Gjerstad.

NAUMDØLA MAALLAG.

Som ein ser av «utdraget or aarsmeldingane» er stoda og arbeidet i Naumdøla maallag so kleint som det kann vera, med di ein har berre eitt lag som er i aktivt arbeid, og at det er berre tvo lag som jamvel etter fem krav fraa fylkeslaget har sendt aarsmeldingar — ja som ein gong har *svara*. Men etter det ein veit, er likevel ikkje lagi *uppløyste*. Det er difor meningi at fylkesformannen skal fara rundt til alle lagi for aa faa liv i dei paa nytt. Um det vil lukkast er vandt aa segja. Syner det seg at det *ikkje* gjer det, maa ein taka til fraa grunnen med skiping av nye lag. For det er ikkje faa *maalfolk* utover bygdene, berre ein fekk dei i arbeid.

Sjølve *maalsaki* i fylket staar paa ein maate godt. I fleire bygder har maalfolket fleirtal i bygdestyri — ofte av vakne, paapasselege folk. Men det er ungdomssamskipnaden og ikkje maalsamskipnaden, som maa ha æra av det arbeide som her er gjort. Ungdomslagi gjer jamnast sers godt arbeid for maalsaki. Kanskje kan ogso det gjera at maallagi ikkje tykkjest trengja taka so hart i. Jamnast er det ogso dei same folk i ungdomslag og maallag.

Naumdøla maallag, 26. mars 1918.

P. Jæger-Leirvik.

Kristiansands Folkebibliotek

TELELAGET.

Grensa millom den parten av riket som har norsken til hovudmaal og den parten som enn held seg til norsk-dansken skjer beint igjenom Telefylket. Men det norske umkvervet veks og det norsk-danske minkar; for det er maalfolket som gaar paa og litt um senn legg nytt land under seg. Paa og ikring denne grenselina er det serleg maalstriden gaar kvass. Lina gaar no fraa aust til vest over bygdene Sandherad, Lunde og Drangedal. I alle desse bygdene er det slik at norsken er innførd i sume men ikkje i alle av skulekrinsane. Og i desse overgangsbygdene er det striden gaar hardast. For her er liksom sjølve frontane eller stridslina. Men det er aa merka, at *i prinsipet* har maalfolket alt vunne i alle desse bygdene,*) so det berre er tidi um aa gjera naar norsken skal vera innførd heilt i desse bygdene. Vidare er aa merka at framgangen her har vara i mange aar og gaar noko seint; for motstandet har vore stort og godt organisera for det meste, so ein so aa segja har lote teke krins for krins.

Paa innsida eller nordsida av denne lina er maalstriden i det store og heile gjenomstridd. Einast i Hjartdal er norsk-dansken den megtugaste enno. Men den bygdi er kringsett av berre maalbygder, og det er ikkje nokon grunn til aa tru at ho kann halda seg lenge. I ein skulekrins — Tuddal kyrkjekrins — er norsken alt innførd for eit par—tri aar sidan. I ein

*) Sandherad hovudsokn ligg elles ikkje so lite attende i denne saki som i nær sagt alle andre.

88

annan krins — Gvammen — vart norsken innførd no for nokre vikur sidan, og i ein tridje krins — Hovdekrinsen — held dei just i denne tidi paa med aa fyre-bu ei avrøysting.

Paa den ytre sida av stridslina har det vore maallag i fleire aar, og Telelaget har i dei siste aari lagt serleg vegt paa aa fyrebu ein offensiv, serleg i Holla (kring Ulefoss) og Helgja (lenger ute). Der er livande maallag som arbeider godt. I sumar hadde Telelaget ei stor stemna paa Søve i Holla — med serleg tanke paa aa slaa eit slag for norsken millom bygdefolket.

Det som dei fleste maallag har lagt hovud-vigti paa det siste aaret er aa hjelpa fram maal-bladet «Norig» i Skien. Og her er det gjort godt arbeid maa ein segja. Lag etter lag har teke luter for 500—1000 krunor. I dei bygdene som har norsken innførd i skulane er dei daa ogso samstellte um at det som no er mest um aa gjera, det er aa reisa ei norsk bladmagt og faa inn meir norsk lesnad millom folk.

Telelaget har hjelpt til med dette og held fram i same leid.

Ferdatalarar er litt for dyre i denne tidi — ogso av den grunn at lagi er skuldige paa lut-ane i «Norig».

Henrik Rytter gjorde ei talarferd i Telefylket (Aust-Telemark) i 1917. Og Ketil Skogen har halde talar i Lunde, Holla, Bø, Sauland, Not-odden og Hjartdal (hei m. a. i Gvammen krinsen fyre avrøystingi).

Til sumaren skal Telelaget ha aarsstemna si i Vinje for di det daa er 100-aarsdagen sidan Vinje vart fødd.

Telelaget held paa og skal faa til eit maal-kontor i Skien.

Av aarsmeldingane fraa einskildlagi vantar enno nokre av dei som er ventande.

Gvarv, 20. febr. 1918.

Ketil Skogen.

TRUMS FYLKESMAALLAG.

Det praktiske maalarbeidet er fælande ungt og har langt fraa faatt den samskipnaden som trengst. Trums fylkesmaallag har fyrst og framst sett seg som det næraste maal aa faa ein fast samskipnad for maalfolket og vinna nye vener for saki. I dette arbeidet har det lagt vigt paa disse tri ting:

1. Aa faa skipa maalringar i dei bygder der det høvde.
2. Aa tilsetja umbodsmenn i alle herad, eller luter av herad, og faa desse til aa faa samling paa maalfolk ved aa faa dei til aa melda seg som beinveges lagsfolk i Trums fylkesmaallag, og aa faa spreida bøker og blad paa norsk.
3. Skipa stemnor og maalmøte til aa setja kveik i gamle maalfolk og vinna nye.

1. Maalringar.

Heilt til dei siste aari har det berre vore eit einaste maallag her nord, «Heimhug» ved Trums lærarskule, og det har gjort godt arbeid millom lærarskuleelevane, so dei elevane som dei siste aari har gaatt ut mest alle er maalfolk. I 1914 vart Finsnes maallag og «Heimferd», Sørreisa

skipa; men det er fyrst dei tvo siste aari dei har arbeidt litt. Det fyrste kunde vore eit uvanlegt kraftigt lag dersom det hadde havt ein drivande førar; for det arbeider i ei bygd der mest alle unge og mange gamle er maalfolk.

Dei tri andre lagi er skipa i 1917, og dei tvo fyrste lovar godt. Det er og god von til at vi i 1918 kan faa skipa endaa fleire lag, dersom vi hadde havt raad til ein ferdatalar paa ei lagleg tid av aaret t. d. hausten.

2. *Umbodsmenn.*

Det er i 1917 tilsett umbodsmenn i mest alle herad, og i sume herad der det er naturleg skil, har vi bytt heradet millom tvo umbodsmenn. Det er enno ikkje kome so mange meldingar fraa desse umbodsmennene at det er raad aa gjera seg ei meining um det arbeidet dei har gjort. Men mange har samla ikkje faa beinveges lagsmenn til fylkesmaallaget, og dei har tinga burt mange maalblad. Soleis er det ein umbodsmann som har samla over 30 tingarar paa «For Bygd og By» og eit liknande tingartal paa «Norsk Barneblad».

Dei fleste av umbodsmennene er lærarar, og det er mest dei einaste som kan skriva norsk. Men mange av desse lærarane er for mykje bundne av anna arbeid til at det kan verta gjort so mykje som turvande er.

Trums fylkesmaallag har no kring 90 beinveges lagsfolk.

3. *Stemnor og fyredrag.*

Baade i 1916 og 1917 skipa Trums fylkesmaallag ei større stemna. I 1916 var stemna i Bardu

paa soldatheimen. Presten Haugsøen heldt norsk messa i kyrkja og foredrag um maalsaki paa stemna. Elles tala høgskulelærar Eidnes, teolog Holen og amtsskulelærar Leigland.

I 1917 hadde fylkesmaallaget aarsstemna og olsokstemna paa Trondarnes. Det kneip noko med aa faa ein norsktalande prest til denne stemna; men etter noko snøggtelegrafering lukkast det aa faa sokneprest Hovden til aa gjera ferdi beinast til Trondarnes. Han heldt messa i den gamle Trondarnes-kyrkja olsokdagen. Kyrkja var stuvande full, og Hovden uvanleg heppen med preika si. Paa ettermiddagen tala Hovden paa stemna um maalsaki. Sjeldan har Hovden naadd høgre i talekunst enn den dagen. Skuledirektør Hagemann tala um høgskulen og bladstyrar Sjurseth um bondereising. Der møtte mange folk og det er deim som meiner at det er ein av dei største dagar for maalreisingstanken her i Nord-Norig.

Den 1. juli iaar skipa Kvedfjord maallag til stemna paa Borkenes etter upptak og studnad fraa fylkesmaallaget. Paa stemna tala høgskulelærar Eidnes, bladstyrar Sjurseth og amtsskulelærar Leigland. Sokneprest Kleivan heldt ungdomsgudtenesta i Kvedfjord-kyrkja. Han kunde ikkje tala norsk; men alle salmane var paa norsk.

I januar var det ei mindre stemna paa Finsnes med foredrag av skuleinspektør Osnes og amtsskulelærar Leigland.

Sjurseth, lærar Nordeng og Leigland har dessutan halde ymse foredrag kring i fylket um maalsaki.

Trums fylkesmaallag har ogso vendt seg til

Trums ungdomsfylking og bede han faa Elias Melvær til aa halde foredrag um Blix og salmane hans. Dette har ungdomsfylkingen gjort. Det er serleg i Trondarnes at dei fleste av desse foredrag er haldne.

Fylkesmaallaget har og vendt seg til Trums fylke av D. N. T. og bede laget um aa nytta ein norsktalande ferdatalar. Det har det gjort baade i 1916 og 1917. Jørgen Holen har fare i dei fleste bygdene i fylket og tala fraahaldssaki, og han har gjort stor lukka med det norske maalet sitt. Men mest lukka vilde ein religiøs forkynnar med norsk tale ha gjort. Han vilde bryta ned mykje av dei fordomar ein enno møter naar det gjeld norsk maal, og han vilde finna fram til krinsar der det elles ikkje er lett aa naa.

Anna arbeid.

Trums fylkesmaallag har sendt søknad til Kyrkjedepartementet um aa faa tilsett ein norsktalande ungdomsprest for Nord-Norig, og det har bede dei ymse ungdomsfylkingar her nord stydja dette kravet. Det har dei og visst gjort.

Det har og vore med og studt kravet um eit landsgymnas for Nord-Norig, helst paa Trondarnes.

Paa aarsmøtet i 1917 vart det gjort vedtak um aa setja igang eit lutspel til aa faa inn pengar i kassa. Men dei utrygge tidene — og tronge tidene her nord i vinter har gjort at lutspelet enno ikkje er sett i verk.

Det same gjeld spursmaalet um saman med bondeungdomslaget i Trums aa setja igang ein bondeheim i Trums.

Styret for 1917—18:

Amtsskulelærar Inggjald Leigland, formann,
skuledirektør Hagemann, Trums,
sorenskrivar H. Thomas, Ibestad,
divisjonslækjar Reickborn-Kjennerud, Harstad,
skuleinspektør Osnes, Trums.
Kassestyrar er lærarainne Betzy Johnsen, Trums.

Stoda.

I lange tider har det vore mange som har havt eit slag platonisk kjærleik til norsk maal; men dei har aldri gjort noko i praktisk leid til aa syna denne kjærleiken sin. Dette kjem vel og mykje av at dei ikkje har kunne nytta norsken skriftleg.

Ingen av ungdomsskulane i fylket har tidligare gjeve upplæring i norsk. Ja, den eldste og i lange tider einaste gav ikkje ein gong rettleiding i aa lesa norsk. Paa den eine av dei tvo amtsskulane faar dei no god upplæring i munnleg norsk, og dei som ynskjer det faar og litt rettleiding skriftleg. Paa den nye ungdomsskulen heiter det at maalformi er valfri, og i fjor var det 11 av 60 som skreiv norsk. Men enno ventar vi paa høgskulen paa Trondarnes, som skulde setja norsken i høgsetet. Det er nok so at ikkje faa søkjer høgskulane sørpaa; men det munar for lite.

I Bardu er det 3 skulekrinsar som innførde norsken for umlag 10 aar sidan; men med det har maalfolket der uppe slege seg til ro. Det har ikkje eingong vore raad aa faa til eit maallag i bygdi. Størst framgang for norsk skulemaal lyt ein vona paa i desse krinsane: Finsnes,

Finnfjord, Fagerfjell og Rossfjord i Leirvik; Fauskevaag, Melvik og Grøtavær i Trondarnes; Utstrand i Kvedfjord. Elles har nok talet paa maalfolk auka kring heile fylket; men vi bur enno fælt spreidde. Det gjeld no um aa halda fram med det jamne underbyggjingsarbeidet og aa vinna nokre faste midtstader som so norsken kan veksa ut fraa.

Blixsalmane er innførde i Kvedfjord og Bardu; men no fyrebur dei avrøysting i Trondarnes og Leirvik, og i Trondarnes har soknepresten lova aa stydja kravet um Blixsalmane.

Lyngseidet, 2. mars 1918.

Inggjald Leigland.

TRØNDERLAGET.

Det er ei gamall røynsla at det gaar tungt og trægt med maalstrævet i Trøndelag, serleg i søre fylket, og det har ikkje vorte betre det siste aaret. Materialisme og socialisme raar grunnen. Mange stader kan ein mest ikkje vaaga nemna den nasjonale sida av saki, men lyt helst halda seg til den praktiske, skal ein vinna nokon godhug for norsken.

Heile Fosenhalvøya staar so godt som utanfor maalrørsla. Berre paa Ørlandet og i Rissa er der maallag. Ørlandets maallag arbeider godt, og der er mykje maalfolk i den bygdi, men dei har ikkje fleirtal. Maallaget i Rissa høyrer vi ikkje noko fraa.

I Hemne har maalstrævet havt god framgang dei siste aari. Orkladalføret staar heller ikkje

verst i maalvegen. Storaas maallag i Meldal er drivande, og dei tvo maallag i Rennebu har gjort mykje godt arbeid. Rennebu er vel norskaste bygdi i søre fylket. I ein krins er norsken innførd, og vonleg kunde fleire krinsar vinnast, um det kom til avrøysting. Herads-, skule- og fatigstyret og formannen i krinssjukekassa fører bøkene paa norsk.

I Opdal er 2 maallag i arbeid; men storslumpen av maalfolket der staar visst enno utanfor samskipnaden. Det har vore kvass maalstrid der og beisk motstand fraa riksmaalssida. I Gauldalen er der maallag i Melhus, Singsaas og Sokndal. I Budal er der og mykje maalfolk. I desse bygdene har maalfolket von um aa vinna um ei tid; men i dei andre Gauldalsbygdene ser det ikkje ut til aa vera mykje samhug med norsken. Paa Bynes og Leinstranda er der maallag, og saki har framgang og vinn ungdomen. Men paa Strinda og i Klæbu ser det vonlaust ut. Malvik maallag er eit av dei mest drivande i heile fylket. Det emnar no paa ein framstøyt mot Strinda, og vil freista aa faa skipa maallag der. I Selbu er der ikkje so lite maalfolk, og der er skipa eit maallag; men det har enno ikkje lukkast aa faa det innmeldt i fylkeslaget eller faa noko melding fraa det.

Tydalen er ei norsklynd bygd. Ungdomslaget der arbeider som eit maallag.

I Stjørdal er ikkje noko maallag og lite sans for maalsaki.

I Skatval er eit lite maallag og ikkje so lite maalfolk.

Paa Frosta arbeider 2 maallag. I heradstyret er jamvigt millom riks- og maalfolk, i skulestyret

har riksane fleirtal. Frosta landmannslag og Frosta hestetrygdingslag fører bøkene sine paa norsk. Frosta sparebank har vekslar paa norsk. Aasen er norsk. Ifjor freista riksmaalsfolket aa driva norsken ut or tvo krinsar; men det gjekk ikkje.

I Skogn er mykje maalfolk. Det er eit maallag der; men det er ikkje innmeldt i fylkeslaget.

I Frol og Levanger arbeider maallaget Andvake. Der var norsken hovudmaal, men vart røysta ut att for 7 aar sidan. Truleg vinn maalfolket att um nokre aar.

I Verdal er norsken innførd i alle krinsar. Heradsstyret fører møteboki paa riks, men skulestyret paa norsk.

Paa Inderøya er norsken teken i bruk i tvo krinsar, og truleg kjem dei andre krinsane snart etter.

I Sparbu, Ogndalen, Egge og Beitstaden er norsken innførd; men berre ei av desse bygdene (Sparbu) har maallag. Det er det galne, at naar dei har faatt inn norsken i skulane, so trur maallagi dei er ferdige og legg aarane inn.

Etter meldingane fraa Stod maallag har 5 av krinsane der norsk til hovudmaal. I Snaasa er mykje maalfolk; men dei har enno ikkje faatt inn norsken i nokon krins.

Det beste som no kan gjerast er aa faa lærarane so uppglødd for maalsaki at dei nyttar kvart høve til aa fremja norsken. Er lærarane i ei bygd imot saki, daa er det mest raadlaust aa faa gjort noko. Det syner seg og at mange som var ihuga maalfolk, daa dei kom fraa lærarskulen, dovnar av naar dei har vore ei tid i eit strok, der det ikkje er nokor maalrørsla. Slike treng

ei uppkveikjing, og det trur eg dei kunde faa paa eit godt maalskeid. Etter styret si meining lyt vi freista aa faa ei fast ordning med maalkursus for lærarar — eit i nordre og eit i søre fylket, og vi vonar at styret for Norigs maallag gjev oss litt studnad til dette paa ein eller annan maaten.

Arbeidet i fylkeslaget.

Trønderlaget og Nidaros maallag har halde maalmarknad i Nidaros dette aaret, og Trønderlaget fekk umlag 4000 kr. i reinvinning paa sin part. Trønderlaget har gaatt saman med Inntrøndelags ungdomslag og Bondeungdomslaget paa Steinkjer um aa skipa ein bondeheim paa Steinkjer. Tl. har skote inn 800 kr.

Styret har gjort vedtak um aa skipa 2 maalskeid for lærarar, eit i nordre og eit i søre fylket, ifall det faar studnad fraa dei andre frilynde samskipnader i Trøndelag, og det elles lett seg gjera i desse vanskelege tider.

Der har vore utsendt ferdatalarar, som har vitja umlag alle maallag i fylket. Talarar har vore presten Eik-Næss, Elias Melvær og klokkar Gresset. Klaus Sletten har og tala i nokre lag. No er det mest raadlaust aa faa nokon ferdatalar. Alle som høver til det, er so nedlesst med arbeid at dei kjem ikkje laus.

Laget har halde 2 stemnor dette aaret. Eit i Nidaros den 9. april saman med Nidaros maallag. Der vart halde talar um rettskrivingsspursmaalet av: Anders Mo, Søren Nordeide, Jørgen Reitan m. fl.

Sumarstemna vart haldi paa Leinstranda 17. juni. Gudstenasta ved Anders Hovden, kyrkje-

konsert av koret Samklang fraa Strinda. Um ettermiddagen var der feststemna med foredrag av E. Melvær, Ola Gresset, Eik-Næss og Klaus Sletten. Dessutan hornmusik og korsong.

Paa aarsmøtet vart gjeve 1000 kr. til bladet Olsok, 250 kr. til ungdomspresten Eik-Næss, 100 kr. til bibelnemnda. Dessutan vart gjeve mindre sumar til andre formaal.

Der vart gjort vedtak um at Trøndelag skal bytast i 10 maalkrinsar, og styret fekk paalegg um aa ordna med krinsdelingi, velja krinsformenner og setja upp reglar for arbeidet deira.

Styret har sett dette i verk og sett upp desse reglane:

1. «Krinsformennene skal senda styret for Trønderlaget melding um maalstoda i dei bygder innan krinsen som enno ikkje har noko maallag.

2. Dei skal senda styret for Trønderlaget tilraading um, kva menner dei skal venda seg til for aa skipa maallag — eller dei gjer sjølv upptaket med aa skipa lag og varslar Trønderlaget um den talarhjelp dei treng.

3. Dei skal passa paa at maallagi innan krinsen er i verksemd.

4. Utlegg til papir og porto faar dei godtgjort av fylkeslaget.»

Paa aarsmøtet fekk styret og paalegg um aa faa til ein arbeidsplan for lagi innan krinsen. Det har styret gjort. Planen er sendt maallagi med uppmoding um aa koma med framlegg til brigde, um det er eit eller anna dei ikkje likar.

Trønderlaget har saman med andre norsklynde samskipnader sendt upmoding til riksstyret

um at Trondhjem maa faa att rette namnet sitt, Nidaros, og at hovudstaden faar sitt gamle namn Oslo.

Det har i meldingsaaret vore halde 7 styremøte, 2 allmannamøte og 2 stemnor.

Styre.

Lærar Ola Hovset, formann.
Høgskulestyrar Martin Sivertsen, varaformann.
Klokkar Ola Gresset, kassestyrar.
Bonde A. Moksnes.
Lærar K. Husan.

Varamenner.

Lærar S. Snekvik.
Frk. Ragna Ryther.
Høgskulestyrar A. Mo.
Lærar Jon Skogstad.

Ettersynsmenner.

Lærar Dalaker og agent Løvvold.

Til raadsmann for Trønderheimen vart vald klokkar Jørum med bonde A. Moksnes til varamann.

Styret kjenner at so alt for lite er gjort; men det er ikkje so greidt, naar folket har so lite sans og ans for morsmaalet sitt. Kunde det lukkast aa faa gjort «Olsok» til dagblad, og fekk vi dertil ein norsk studentskule i Trøndelag, so vilde mykje vore vunne.

Ola Hovset, formann.

VESTLANDSKE MAALLAG.

Skrivaren.

Ifjor vart vedteke at laget skulde faa seg sekretær og ferdatalar.

Der hadde daa meldingstidi var ute 1. juni meldt seg 7 søkjarar. Stjorni hadde byrja tinging med lærar M. H. Takle som tilsist sagde seg viljug. Han vart daa tilsett sist i juli. Men han laut segja upp lærarposten sin, so han kunde ikkje byrja fyrr enn 1. oktober. Han har faatt lov aa bu utanfor byen, til vidare paa Sletto, der han var busett. Han hadde diverre lota teke ordførarromet i Lindaas, daa den som var vald til ordførar vart sjuk og fekk lækjar-attest. Takle var nemleg vald til vara-ordførar.

Fyrste utferdi gjorde han i siste luten av oktober.

Paa den ferdi tala han i Gjerstad maallag og Gjerstad ungdomslag og Hamre maallag. Den 20. november fór han til Sunnhordland. Der tala han paa 7 stader: Sagvaag, Leirvik, Sveio, Førde, Valestrand, Bjoa og Ølen. Sidan har han vitja Lindaas ungdomslag; og no sist har han vore til Sogn og tala i Brekke og Lavik.

Sveio maallag er skipa i haust og har meldt seg inn i Vestlandske maallag. Det er gjerne von um at Stord maallag vaknar. Førde ungdomslag har skrive seg inn i Vestlandske maallag. Lindaas ungdomslag har vedteke aa skriva seg inn i Vestlandske maallag. I Brekke er det visst von um aa faa eit maallag.

Maalstemnor.

Bladstyrar Lavik har vore paa 2 stemnor, ei paa Bolstad i Ævanger og ei paa Skeid i Jølster.

Jølster maallag hadde lege nede no ei tid. Men for 8—10 aar sidan gjorde det godt arbeid, norsk er skulemaal i alle krinsar paa Jølster med undantak av dei tvo nedste. Laget vart no teke uppatt og ny stjorn valt.

Norskmaalslaget i Sulen skipa maalstemna paa 17de mai og bad um talar til denne stemna og det lukkast aa faa Elias Melvær til aa fara til stemna.

Norsk upplæring paa jordbruksskulane.

Det har oftare i Vestlandske maallag vore raadleggjing um kor ein skulde fara aat aa faa jordbruksskulane soleis umskipa at upplæringi vart paa norsk. I 1914 vart paa aarsmøtet gjort eit vedtak um aa venda seg til baae fylki med ei fyreteljing i den leid. Der vart kravt baade at upplæringi paa skulen vart paa norsk og at lærebøkene vart skrivne paa norsk.

Kravet vart sendt amtmennene og det vart og sendt til Sygna og Firda fylkesting som daa var samla. Daa vi seinare spurde etter denne sak, vart fraa Sygna og Firda svara at brevet var gaatt til jordbruksnemdi i fylkestinget, og sidan til jordbruksskulane som vart paalagde aa hava dette i tanke. I Hordafylket vart brevet sendt til jordbruks- og husmorskulane. Sidan har det vore stillt.*) Det har no gaatt i den leid

*) Fylkestinget for Hordaland har no løyvt kr. 1 000.00 til lærebøker paa norsk i jordbruksskulane.
(Merknad av utgjevaren.)

at fleire lærarar brukar norsk, alt um der framleis er blanding. Lærebøkene er for det meste paa dansk.

Det har gaat seint og seigt med aa faa snu paa jordbruksskulane, men der er endeleg vakna eit krav som vil gjera meir verknad enn det at vi som staar utanfor, pukkar paa at dei skal bruka norsken. I haust tok læregutane ved Stend sjølve saki upp, iser det med lærebøker. Desse krev dei no aa faa paa norsk, og dei krev at skulen skal leggja pengar til so lærebøkene antan kan verta umsette eller der kan koma ut sjølvstenduge lærebøker paa norsk. Dei gav kravet inn gjenom lærarraadet, som segjer seg samd i det, og saki er no komi til stjorni for jordbruksskulen. Derifraa kjem ho vel til fylkestinget. Det vil ikkje heretter verta so lett aa lata det reka.*)

Olav Rusti og Martin Birkeland har arbeidt med spursmaalet um korleis ein skulde verja maalføri og halda god norsk tale uppe i denne fordanskingstidi.

Maalmannahuset.

Norskt Herbyrge har selt til Landsbanken eigedomane Raadstoveplass 3 og vestre Skostræte 3 og 5 for kr. 500,000.00.

Saman med «Gula Tidend» har herbyrget meldt seg kaupar av nye tufter i brandstroket, der desse tvo tilsaman eig paalag 2 maal.

Tanken er daa paa den store nye tufti ved Byparken og Valckendorffsgata aa reisa Maalmannahuset i Bergen med forretningsrom, hotel, møtesal, teatersal o.s.b.

*) Sjaa merknad paa side 63.

(Utgjevaren.)

Hordaheimen.

Saman med Bondeungdomslaget i Bergen har Norskt Herbyrge skipa L/L Hordaheimen, som skal hava herbyrge og matstovor i C. Sundtsgata 18. Denne eigedomen er kaupt til dette for kr. 400,000.00.

Hordaheimen ventast verta ferdig til februar kjem.

Rekneskapen.

Utloga har vore 2,401.39; men der er daa ymse utlogor som ikkje er komne med i denne rekneskapen. — Inntoka var 3,923.41.

Bergen, 31. desember 1917.

Johs. Lavik.

FIRDA MAALLAG.

Firda maallag har diverre ingen ting aa melda i 1917.

Arbeidet i laget har lege nede i fleire aar. Um eg kan faa det paa fote att veit eg ikkje aa lova. Men eg faar no sjaa.

Anders A. Lote.

RYGJALAGET.

Rygjalaget har inkje gjort i siste aaret.

Spursmaalet um maalkontor for Rogaland kviler hjaa Rogalands ungdomslag.

Lars Risvoll.

Til meldingi framanfor fraa *Austmannalaget* øvst paa side 46 ynskjer formannen i Norigs maallag aa gjera denne merknaden:

Det som eg paa aarsmøtet i 1917 lasta «Bonden» for var at han arbeidde for austlandske maalføre *imot landsmaalet*, istadenfor reising av det *norske maalet paa austlandet.*

Olaus Islandsmoen.

Meldingar fraa maalkontori.

DET VESTLANDSKE MAALKONTOR.

I aar som fyrr har kontoret drive med aa senda talarar ut over bygdene. Ogso i aar har vi lagt meste arbeidet paa dei bygdene i Hordafylket som er minst langt komne i maalvegen.

Ialt har det av talarar, utsende av oss (Ervingen), vore halde 167 foredrag i meldeaaret.

Maalstoda.

a. *Skulen.*

Ingen skulekrins er i 1917 gaat over fraa norsk til dansk. Desse er gaat over fraa dansk til norsk:

1. Raaheims krins, Gaular,
2. Øvrebottens krins, Gaular.
3. Nedre Angedalens krins, Fyrde i Sunnfjord (2. febr. 72 mot 0 røyster).
4. Horstad krins, Naustdal S. (10. april. 65 mot 1 røyst).
5. Risnes krins, Bø i Manger (21 mot 20 røyster).

b. *Kyrkja.*

Norsk liturgi er innført:

1. Vikøy kyrkja, Hardanger, og
2. Øystese kyrkja, Hardanger (19. aug. — 108 mot 0 røyster.

Blix-salmane er innførde:

1. Leikanger kapel, Selja (135 mot 6 røyster. Fyrre avrøysting 1907: 76 r. *for*, 143 *mot*).
2. Eikefjorden (14. oktb. 125 mot 46 røyster).
3. Naustdal S. (23. septbr. 102 mot 15 røyster).
4. Stavang, Kinn (38 mot 8 røyster).
5. Bygstad (5. april 111 mot 24 røyster).
6. Vik i Sogn (18. mars 132 mot 22 røyster).
7. Nordalsfjorden kapel.

I Sveio og Valestrand, Sunnhordl. er dei innførde paa prøve.

I Strudshamn vart dei ved avrøysting innførde med 108 mot 66 røyster. Men røystingi lyt takast uppatt, meddi der var noko feil i kunngjerdsla um ho.

Det same var ogso tilfelle i Gjerstad krins, der det var røysting um heilnorsk gudstenesta. Det vart vedteke med 77 mot 55 røyster. Røystingi er gjort umatt i 1918 (kjem altso med i komande meldingsaar) og daa var det 124 for og 77 imot.

c. *Administrationen og forretningslivet.*

Strandebarm Kreditbank fører bøkene paa norsk.

Heradstyret i Lindaas, alt paa norsk (vedteke mot 2 røyster).

Styre.

Styret for maalkontoret er:

H. C. Roti, formann.
Andr. Barsnes, kassestyrar.
David Hauge (fraa styret i Ervingen).

Bergen, 24. febr. 1918.

H. C. Roti.

SUNNMØRE MAALKONTOR.

«Sunnmøre maalkontor» er sett igang av «Sunnmøre maallag» og har sitt eige styre, men vert halde økonomisk uppe av «Sunnmøre ungdomssamlag». Det skal hjelpa til med maalarbeidet i byen og paa bygdene, og freistar i det heile aa gjeva hjelp og rettleiding i maalarbeidet so langt raad er. Dinæst skal det halda greide paa maalstoda paa Sunnmøre. Arbeidet dette fyrste aaret har vore mykje samlararbeid, so ein noggrant kan faa ei oversyn. Men det er diverre vandt aa faa alle upplysningar sume stader. Dagatal og røystetal er det soleis mange plassar uraad aa faa tak i, avdi dei vistnok ikkje har vore bokførde. —

Meldingi vert daa slik: Den største framgangen i skulen er i Borgund herad, der norsken vann 18 krinsar med ein gong. Elles har det vore noko stogg med skulane dei andre plassane der det enno er att noko danske krinsar. Det er no 206 norske krinsar, og 19 danske staar att.

Det gledelegste i meldingi er at Blix-salmane no er innførde i alle kyrkjor paa Sunnmøre — ogso i Sunnmørsbyen Aalesund. Preik og liturgi paa norsk vil koma straks her kjem fleire norsktalande prestar. — I forretningslivet gaar det enno traatt; men ein legg daa merke til at det kjem seg likevel. Soleis har fleire nye lutlag skrive lovene sine paa norsk. Dinæst vert det

no alltid fleire og fleire i kvart skeid paa Ulvestads handelsskule i Aalesund som vil læra norsk handelsmaal. Og det faar dei, for styraren av maalkontoret er sjølv norsklærar der.

I bygdestjorni er det god framgang. Naar det ikkje har vore endaa meir so kjem det seg av den gode grunnen, at det er mykje eldre menn som sitt i bygdestyri, og dei klarar ikkje maalbytet no. Men dette vil retta paa seg etter kvart som yngre menn rykkjer inn.

Anders Seim,
kontorstyrar.

Oversyn over maalstoda paa Sunnmør.

	Skulen			Kyrkja		Bygdestyre og umbodsmenn som nyttar norsk i bøker og brev	Norsk i forretningslivet
	Danske krinsar 1918	Norske krinsar 1918	Berre dsk. salmesong 1918	Opna for norsk salmesong 1918	Liturgi og preik paa norsk		
1. Borgund herad	2	20	Alle kyrkjor paa Sunnmøre hev no røysta inn Blix-salmane	9/12 1917. 232 r. for; 66 r. mot.	Kan preika.	Skulestyret, krinssjukekassa.	
2. Giske »	1	3		17/3 1918. 190 r. for; 0 r. mot.			
3. Haram » Norsk i alle krinsar heilt fraa 1897.	0	10		Som i melding 1914. Heilnorsk gudstenesta sidan nyaaret 1915.		Heradst. sidan 1913; skulestyret sidan 25/5 08. Likningsraadet. Krinssjukekassa blanding.	Harans handelslag. Dei andre handelsmenn blandingsmaal.
4. Hareid herad Skilt fraa Ulstein som eige herad 1917.	0	5		1905.		Herads- og skulestyret. Likn.raadet.	
5. Herøy herad	7	8		Herøy 1904; Leikanger 1904; baae samrøystes.		Heradst. blanding. Skulestyret norsk sidan 1917.	
6. Hjørundfj. »	0	12		1906.	10/12 16. 232 r. for; 64 r. mot. Vore mest nsk. preik sidan 1913	Herads- og skulest. blanding. Presten jamnast.	

	Skulen		Kyrkja					
	Danske krinsar 1918	Norske krinsar 1918	Berre dsk. salmesong 1918	Opna for norsk salmesong 1918	Liturgi og preik paa norsk	Bygdestyre og umbodsmenn som nyttar norsk i bøker og brev	Norsk i forretningslivet
7. Nordal »	3	8	Alle kyrkjor paa Sunnmøre hev no røysta inn Blixsalmane.	Som i melding 1914.	Preik.	Skulest. og likningsraadet blanding.	
8. Roald »	0	2		Vigra 1902.	Vigra 5/3 16. 45 r. for; 8 r. mot.	Krinssjukekassa, heradskassestyraren	Bankfovene paa norsk; bankstyret brukar blanding.
9. Rovde »	0	4		Som 1914.		Som 1914.	Banken blanding; V. Sunnmøre brandkassa.
10. Sande »	0	10		19/4 03. 118 r. for; 38 r. mot.		Likningsraadet blanding.	Banken blanding; 2 handelsmenn; alle losjer og lag.
11. Skodje »	3	7		1907. 130 r. for; 65 r. mot.		Herads- og skulest. blanding. Krinssjukekassa og fatigst.	
12. Stordalen »	0	7		Som 1914.			
13. Stranda »	0	7		Som 1914.		Herads- og skulest. blanding. Krinssjukekassa.	
14. Sunnylven »	0	13	Alle kyrkjor paa Sunnmøre hev no røysta inn Blixsalmane.	Som 1914.	Preik stundom.	Som 1914.	Som 1914.
15. Sykkylven »	0	12		1908. 180 r. for; 20 r. mot.		Heradst. sidan 1912. Krinssjukekassa og likningsnemdi blanding.	2 kjøpelag.
16. Ulstein » Sunnmøre ungdomsskule er norsk.	0	13		Som 1914.		Heradsst. sidan 1910, skulest. sidan 1915, likningsraadet sidan 1914.	
17. Vannylven herad	0	13		Som 1914.	Stundom.	Presten jamnast; fatigstyret.	
18. Vartdal »	0	5		Som i meldingi 1914.		Som 1914.	Som 1914.
19. Vatne »	0	11		1906. 175 r. for; 2 r. mot.		Som 1914.	2 handelsmenn. 3 handelsmenn blanding.
20. Volda »	0	22		Som i meldingi 1914.		Som 1914.	Som 1914.
21. Ørskog »	3	5		Som i 1914.		Som 1914.	
22. Ørsta »	0	9		Som i 1914.	Preik.	Som 1914.	Som 1914.
23. Aalesund by	Dansk	0		15/7 17. 220 r. for; 82 r. mot.		Mange kontor svarar norske brev paa norsk.	
Sum	19	206					

Maalvoksteren i 1917.

Aaret 1917 har vore meir ei grotid og ei underbyggjingstid for maalsaki en ei gjenombrotstid. So vanskelegt som det har vore for landet no i mange aar har folket havt so mange andre ting aa tenkja paa at maalspursmaalet mykje har faatt kvila. Men likevel har det vore framgang for maalsaki, og i sume leider ikkje so liten heller. For maalsaki arbeider seg fram paa so mykje breidare grunnlag no. Faar ei taag snart sagt inn i alle krokar i samfundet, so um det ikkje kjem so langt fram i senn paa kvar staden, so er det so mange stader at naar alt kjem i hop, vert det ikkje so lite likevel.

Norsken faar breidare plass — vert offisielt maal — i heradsstyre, skulestyre og alle dei andre bygdestyri, i fylkestingi og i Stortinget. Norskmaalspressa vert sterkare og større, bokheimen rikare for kvart aar. Det norske teatret har faatt ei sterkare stoda, fleire ungdomsskular kjem attaat med norsk maal, det aukar med prestar som tek folkemaalet i bruk. Maalfolket har faatt større økonomisk styrke, so dei kan skipa eller hjelpa fram nye tiltak, soleis arbeidet med bibelen paa norsk maal. Bygdene tek meir til aa nytta norsken i heradsfyresegnene, og ymse samskipnader brukar norsken i lover og brevbyte. I

folkeskulen har Stortinget fastslege retten for baade born og lærarar til aa bruka norsk maal og likeeins retten for foreldri til aa gjeva borni norske lærebøker. Og mykje meir kunde nemnast. Her nedanfor tek eg med maalvokstren i folkeskulen — det som er kjennt, men truleg er det meir — og i kyrkja for aaret 1917.

Norsken i folkeskulen.

I 1917 har desse krinsane teke norsk til hovudmaal i skulen:

Gvammen krins i Hjartdal (Telemark).
3 krinsar av 5 i Lauvdal (Vestagder).
1 krins i Øyslebø (Vestagder), 6 norsk av 7.
2 krinsar av 6 i Kvaas (Vestagder).
1 krins av 5 i Hesgestad (Rogaland).
2 krinsar i Gaular (Sunnfj.) 5 norsk av 17.
1 krins i Naustdal (Sunnfj.) 4 norsk av 12.
1 krins i Herøy (Sunnmøre) 8 norsk av 13.
18 krinsar i Borgund (Sunnmøre); krinsvedtaki i Borgund var gjorde i 1917, men skulestyrevedtaki for dei 15 krinsane vart gjort 22. januar 1918. I Borgund har no 20 krinsar av 22 norsk til hovudmaal. Same dagen vedtok skulestyret ogso aa føra møteboki paa norsk.)
1 krins i Rindalen (Nordmøre).
2 krinsar i Kolvereid (Namdalen).
3 krinsar i Øystre Slidre (Valdres) 6 norsk av 9.

Ialt 35 skulekrinsar i 1917.

Blix-salmane

er innførde til kyrkjebruk i 1917 i desse kyrkjelydane:

Vigusdal (Austagder) 21. oktbr. med 90 mot 4 røyster.
Søgne (Vestagder) 8. febr. med 114 mot 72. Søgne kapel gaar under hovudsokni.
Greipstad (Vestagder) med 69 mot 0.
Lauvdal (Vestagder) 6. mai med 96 mot 16.
Klepp (Rogaland) 21. oktbr. med 80 mot 27.
Riskekverven (Rogaland) 28. jan. med 23 mot 12.
Sørbø (Rogaland) med 33 mot 7.
Vikedal (Rogaland) 24. juni med 41 mot 35.
Sandeid (Rogaland) 1. juli med 44 mot 21.
Sveio (Hordaland) «paa prøve».
Valestrand (Hordaland) «paa prøve».
Onarheim (Hordaland) «paa prøve».
Askøy (Hordaland) 25. novbr. med 108 mot 66.
Vik (Sogn) 18. mars med 132 mot 22.
Bygstad (Sunnfj.) 5. april med 111 mot 24.
Naustdal (Sunnfj.) 23. septbr. med 102 mot 15.
Svanøy (Sunnfj.) 18. novbr. med 38 mot 8.
Nordalsfjord (Sunnfj.) 25. novbr. med 23 mot 8.
Eikefjord (Sunnfj.) 14. oktbr. med 125 mot 46.
Leikanger (Nordfj.) 21. oktbr. med 135 mot 61.
Borgund (Sunnmøre) 9. decbr. 232 mot 66.
Aalesund (Sunnmøre) 15. juli med 220 mot 82.
Sylte (Romsdalen) 4. mars med 138 mot 61.
Tingvoll (Nordmøre) 14. oktbr. med 237 mot 201.
Markabygda (Trøndelag) 1. april med 48 mot 25.
Hol (Hallingdal) 8. juli med 45 mot 0.
Ustedalen (Hallingdal) 15. juli med 44 mot 0.

Ialt 28 kyrkjor.

Norsk Tekst- og Altarbok

er innført til kyrkjebruk i 1917 i desse kyrkjelydane:

Treungen (Telemarki) 9. april med 37 mot 3 røyster.
Mo (Telemarki) 21. jan. med 17 mot 8.
Skafsaa (Telemarki) 14. jan. med 8 mot 0.
Fjotland (Vestagder).
Øystese (Hardanger) 19. aug. med 118 mot 0.
Vikøy (Hardanger) 2. desbr. med 61 mot 0.
Ialt 6 kyrkjor.

P. E. Hovdan.

Utdrag or meldingane fraa fylkeslagi.

Namnet paa fylkeslaget	Formann	Tilskrift	Kor mange lag	Kor mange ungdomlag sendt	Kor mange lagsfolk	Kor mange møte i 1917	Merknad.
Akershuslaget	Professor Koht . .	Lysaker	6	5	150	14	
Austagder maallag . .	Kristen Stalleland	Høvaag	11	0	?	?	
Austmannalaget	Ivar Blekastad . .	Gausdal	29	0	1200	?	
Karmsunds maallag . .	O. Gjerstad	Haugesund	6	4	326	23	
Firda maallag	Lærar A. Lote . .	Flora	3	0	?	?	
Naumdøla maallag . .	P. Jæger-Leirvik .	Nidaros	8	2	101	9	
Nordmør maallag . . .	P. Hals	Kanestraum	15	0	?	?	
Rauma maallag	Ola Røkke	Vestnes	6	0	?	?	
Rygjalaget	Lars Risvoll	Stavanger	4	0	?	?	
Sunnmør fylkesmaallag	Rasmus Myklebust	Vartdal	?	?	400	?	Sunnmøre maall. har mest beinveges innskrivne lagsfolk.
Telelaget	O.r.sakf. Skogen .	Gvarv	17	13	600	55	
Trønderlaget	Ola Hovset	Melhus	23	17	1389	85	
Trums fylkesmaallag .	Inggjald Leigland	Lyngseidet	6	6	238	27	
Vestfoldlaget	Amtmann Berge .	Tunsberg	2	0	?	?	Av lagi i Vestl. mll. er 10 ungdl. Av dei som har sendt melding er dei 4 ungdomslag.
Vestlandske maallag .	Bladstyrar Lavik .	Bergen	31	9	1087	95	
		Sum	167	56	5491	308	

Dei 56 lagi som har sendt melding har soleis jamt rekna 90 lagsfolk kvar. Det vert for alle dei 167 lagi og Sunnmøre fylkesmaallag 15 400 lagsfolk. Hertil kjem 30 lag som er beinveges innmelde med umlag 4 000 lagsfolk.

Samskipnaden tel soleis 15 fylkesmaallag og 197 einskildlag med tilsaman 19 000 lagsmenner.

Utanfor samskipnaden staar desutan ogso nokre maallag som av ymse grunnar ikkje endaa har meldt seg inn.

Oversyn
over stoda i maalsamskipnaden.

Framanfor er gjort eit talutdrag or meldingane fraa maallagi. Um ein skulde døma verksemdi etter desse tali so vilde ikkje maallagi vera mykje aa rosa.

Av dei 15 fylkesmaallagi er det 5 som ikkje har gjeve livsteikn fraa seg i aarsmeldingi (Austagder, Nordmøre, Rauma, Sunnmøre og Vestfoldlaget).

Av dei 167 einskilde maallag i fylkeslagi er det berre 56 som har sendt melding. Ei saumfaring av desse meldingane gjev heller ikkje noko straalande bilæte.

Men det vilde vera urettvist aa døma verksemdi etter dei meldingane som i aar ligg fyre. Det kan vera baade det eine og andre aa bøta og betra med umsyn til arbeidet i maallagi; men her skal vi halda oss til berre meldingane. Og daa skal det segjast at dette er fyrste gongen at det kan verta lagt fram ei verkeleg samla melding um arbeidet i fylkeslag og einskildlag. Dei meldingane som N. ml. fyrr har sendt ut har for det meste berre vore meldingar um landslaget sitt arbeid. Kva dei einskilde lagi stræva med og korleis tilhøvi der laag fyre, visste ein

lite um. Denne meldingi kastar ljos over mangt i so maate.

Vi veit daa no at samskipnaden tel i alt umlag 20000 lagsmenn. Dette ser ikkje so mykje ut. Men naar ein ser etter *kvar* desse lagsmennene er, so vil ein finna at dei for det aller meste er i dei bygder og landsluter der norskdansken endaa raar.

Det store mistaket har vore, at maalfolket har halde maalreisningi greidd naar dei har faatt norsken inn i barneskulen i si eigi heimbygd. Daa saag dei ikkje lenger nokor uppgaava for maallaget, og so løyste dei maallaget upp eller let det døy. Dei bygder og landsluter der norskmaalssaki er ført so langt fram, dei kjem difor ikkje med i taluppgaavone over *lagsfolk i maalsamskipnaden.* Ein maa difor agta seg vel for aa leggja dette talet til grunn, naar det gjeld eit overslag over talet paa *maalfolk* i landet.

Det er eit stort mistak at folket i dei bygder og landsluter som er komne lengst i maalvegen staar utanfor samskipnaden.

Maalspursmaalet er ikkje løyst i ei bygd, for di um barneskulen er komen over paa norsk grunn. Um ein ikkje ser lenger en til barneskulen i si eigi heimbygd og meiner at all vidare upplæring kan vera paa norsk-dansk, so er det likevel gale. Bygdi er likevel ikkje ferdig med maalspursmaalet. Maalspursmaalet er ikkje eit spursmaal som gjeld einskilde bygder. Det gjeld heile landet. Ingi bygd kan segja seg ferdig med maalspursmaalet so lenge ikkje heile landet er ferdigt. I bøker, blad, forretningsliv, bygde- og riksstyring trengjer maalspursmaalet seg inn paa oss kvar einaste dag, endaa um vi meiner

aldri so mykje at vi *personleg* er ferdige med det. Vi kan ikkje verta ferdige, fyrr *heile landet* i alt sitt liv og all si verksemd er lagt over paa den norske maalgrunnen.

Men *naar* skal ein koma so langt, um bygder og landsluter fell ut or den stridande fylkingen so snart dei faar berre barneskulen sin over paa norsk grunn? — Det segjer seg sjølv at den norske maalreisningstanken aldri kan vinna fram daa.

Difor er kravet no at alle som vil eit norsk maal i Norig, dei maa inn i maalfylkingen. Norigs maallag maa verta den sterkaste samskipnaden i landet.

Maalfolket i dei bygder og landsluter som er komne *lengst* fram og staar i den sterkaste stoda, har skyldnad til aa føra den største magtauken inn i samskipnaden; for dei har mest aa tapa paa at maalstriden dreg ut i det endelause og mest aa vinna paa ei snøgg avgjerd. Dei maa vera med, soleis at dette spursmaalet kan koma med aukande folkemagt og aandsmagt inn over dei bygder og lag av folket som endaa staar utanfor eller set seg imot.

Maalsamskipnaden er til no for det meste ihopsett av *utpostar* ɔ: maallag i tjukke riksmaalsbygder, der dei fører ein seig og ofte vonlaus strid for di dei ikkje veit um nokon *hovudstyrke* attanfor som kjem til hjelp, naar det knip. Hovudstyrken, det er dei maalfolk som held seg for aa vera «ferdige» med maalstriden. Denne hovudstyrken maa no gjerast stridsfør. Daa vil vi snart eiga den heren som kan leggja heile landet inn under den store samlande rikstanken som ligg i den norske maalreisningi.

Kva praktiske uppgaavor denne «hovudstyrken» vilde faa aa løysa og korleis han skulde verka i det heile, treng ei nøgnare planleggjing og utgreiding. Det er ikkje her rette staden til aa koma nærmare inn paa det. Men det som aarsmeldingane fraa fylkeslagi no lærer oss, det er at i maalstriden har norskmaalsfolket ein stor ubrukt reserve. Aa faa denne reserven fram vert no den nærmaste og største samskipingsuppgaava for Norigs maallag.

Tillegg.

Arbeidsplan

for maallagi i Trøndelagen.

Skal maallaget bli sterkt og gjera verknad, løysa uppgaava si, lyt det styrast slik at folk tykkjer mun i møtom og festom. Verksemda i laget blir mykje etter som styret er drivande til. Serleg gjeld det mykje um at formannen i laget har baade hug og dug, og dertil *tid* til aa *planleggja og driva* arbeidet. Eldhuga, unge folk som ikkje er altfor nedlesst med anna arbeid bør helst veljast.

Kvart einaste lagslem maa setjast i arbeid. Difor maa laget ha fleire nemnder, etter som *høvi* og *lagsfolket* er til:

1. *Festnemnd.*
2. *Foredragsnemnd.*
3. *Ordskiftenemnd.*
4. *Bladnemnd for eit handskrive blad.*
5. *Song og musiknemnd.*
6. *Bladtingarnemnd.*
7. *Skulenemnd.*
8. *Finansnemnd.*
9. *Leiknemnd.*
10. *Boknemnd.*

Desutan *serskilde nemnder* for ymse meir lokale tiltak.

Merknad til 1: Ein fest no og daa er turvande for hugnaden i laget og ein kan daa faa høve til aa klaarleggja maalsaki for folk som laget elles ikkje naar i.

Merknad til 2 og 3: Paa kvart møte bør det vera minst eitt foredrag eller ordskifte. Vi tenkjer ikkje her berre paa foredrag av øvde talarar, men at lagslemene øver seg upp til aa greida ut ymse spursmaal eller innleida ordskifte.

Merknad til 6: Bygdi blir delt upp i krinsar med kvar sin tingarsankar. Det er ei hovuduppgaava for laget aa tinga burt blad paa norsk maal. Serleg gjeld det um aa tinga burt «Olsok», «Norsk Barneblad», «For Bygd og By» og «Den 17de Mai».

Merknad til 7: Skulenemndi skipar kveldskular til upplæring i norsk, raar til at ungdom søkjer folkehøgskular og andre norskdomsskular og ser etter at norskmaalsbøker kjem inn i skuleboksamlingar.

Merknad til 8: Finansnemndi planlegg arbeid for aa faa pengar inn i kassa og gjer framlegg um løyvingar.

Merknad til 10: Boknemndi sel norske bøker og skrifter. Syter for norskmaalsbøker i folkeboksamlingane og tingar burt bibelen paa norsk.

Nidaros, 23. desember 1917.

Styret for Trønderlaget.

Ola Hovset. *Ola Gresset.* *Karl Husan.*
Anders Moksnes. *Sigurd Snekvik.*

Norsk i styringsverket.

Til
Det kgl. norske Riksstyret.

Samstundes med uppsetjing av politisk program for vali i 1918 vedtok aarsmøtet i Norigs maallag 14. januar 1918 aa skriva til Det kgl. norske Riksstyret soleis:

Det er eit gamallt krav fraa norskmaalsfolket til riksmagtene at det vert sytt fyre at offentlege kontor etter kvart tek det norske maalet i bruk i brev, kunngjeringar og fyrerit (skjema og blankettar).

I den siste tidi har det ogso vore nokon framgang i so maate. Men det kan ikkje segjast at det norske maalet endaa har faatt den retten og det romet i styringsverket som det for lenge sidan godkjende principet um full jamstelling millom dei tvo riksmaal i landet maa tilsegja.

Det vanlege er no at brev og fyrerit fraa styringsmagtene kjem paa norsk-dansk. Hender det stundom at eit skjema eller ei kunngjering kjem paa norsk, so kjem det stendig ogso ut i norsk-dansk umsetjing. Paa dette viset kan aldri norsken naa fram til godkjenning som styringsmaal.

Etter Norigs maallags meining er det ein av tvo vegar aa gaa:

1. Alle kunngjeringar og fyrerit fraa offentlege styringsgreiner kjem paa baae maal, eller

2. Styringsmagtene let *sume* kunngjeringar og fyrerit koma paa norsk, *sume* paa norsk-dansk.

Den fyrstnemde maaten er baade tung og kostesam og svært lite praktisk.

Den sistnemde maaten tykkjest derimot gjeva ei løysing paa spursmaalet som er baade praktisk og rettvis mot alle partar.

Norigs maallag krev difor at for alle offentlege styringsgreiner maa verta gjort den skipnaden at minst halvparten av alle kunngjeringar og fyrerit vert gjevne paa norsk.

Av dei officielle dokument som ein i fyrste rekkja maa krevja berre paa norsk vil vi serskilt nemna *den nye normalplan for folkeskulen*, som no er i emning, med tilhøyrande meldeskjema og fyrerit.

Um det skal verta aalvor med aa faa norsken inn i styringsverket maa ein ogso ta umsyn til dugleik i norsk naar det gjeld innsetjing av offentlege tenestemenner.

Det maa difor verta sytt fyre aa faa norskkunnige folk inn i alle offentlege styringsgreiner. Soleis som maalstoda no er her i landet er det ogso eit naudsynlegt krav naar det gjeld innsetjing av offentlege tenestemenner at:

Ein søkjar som er fullfør i baae maal og elles er velskikka for den posten han søkjer maa gaa framum dei søkjarane som kan berre det eine maalet.»

For styret i Norigs maallag, Oslo 28. januar 1918.

Vyrdsamt

Olaus Islandsmoen.

Edv. Os.

Norskupplæring for post- og telegraffolk.

Til

Det kgl. norske Riksstyret.

Aarsmøtet i Norigs maallag 5. januar i aar gjorde dette vedtaket:

«Aarsmøtet i Norigs maallag bed Riksstyret syta for at det vert gjeve fullgod upplæring i norsk ved telegrafskeid og skeid for posttenestemenner og liknande skeid.»

Det er eit mishøve som det ofte vert klaga over baade i bladi og mann og mann imillom at telegraffunktionærar er so ukunnige i norsk, at det er ein vaagnad aa senda eit telegram paa norsk maal. Det kan koma fram, antan heilt forvanska eller i ei form so det vert uskynlegt eller gjev ei onnor meining en det skulde. Serleg er klagone store fraa slike som er nøydde aa senda sine telegram gjenom telefonen, eller lyt ta imot telegram som har vore telefonera.

Posttenestemennene vert av sume klaga for so sterk maalfanatisme at dei legg hindringar i vegen for postsendingar paa norsk, serleg blad paa norsk. Det er truleg at um dei fekk noko meir praktisk kjennskap til norsken en dei no har so vilde

dette gjeva seg; ved sida av at dei som offentlege funktionærar i det heile bør ha praktisk kjennskap til norsken for aa greia umbodi sine soleis som norsk lov krev.

I Styret for Norigs maallag, Oslo 28. januar 1918.

Vyrdsamt

Olaus Islandsmoen,

f. t. formann.

Edv. Os.

Lovfyresegner um maalet i folkeskulen.

Ved kgl. paabod fraa 21. desember 1917 vart innført ny rettskrivning baade for norsken og norsk-dansken.

I hovudsaki er den gamle rettskrivningi haldi ved lag for norsken sitt vedkomande soleis at eldre lærebøker paa norsk kan nyttast i skulen umlag heilt ut som fyrr.

Rettskrivningi for norsk-dansken vart derimot brigda so sterkt i norsk leid at heile det norsk-danske lærebokverket maa arbeidast um.

Det er daa aa venta at mange skulekrinsar no — like eins som etter rettskrivningsbrigdet i 1907 — vil ta stiget heilt ut med ein gong og velja lærebøker paa norsk, naar dei no likevel maa ha kostnaden med aa kjøpa nye lærebøker. Det er so mykje større grunn til aa ta stiget fullt ut no fordi rettskrivningsbrigdet fraa 1917 endaa klaarare en brigdet fraa 1907 peikar ut det norske landsmaalet som framtidsmaalet i landet. Det er synberrt at det heretter endaa meir en fyrr vert daarleg økonomi aa kasta den dyre skuletidi burt med aa læra borni upp i eit maal som er undergjeve hamskifte so ofte og so inngripande som norsk-dansken er det.

Daa det soleis venteleg vil verta mykje spurs-

maal um ordlyden av den nye maalparagrafen i folkeskulelovi no frametter vert heile paragrafen innteken her.

Landsskulelovi § 73.

Undervisningi skal vera paa norskt maal etter desse fyresegnene:

1. I den munnlege undervisningi nyttar elevane sitt eige talemaal, og læraren skal so vidt raad er tilhøva etter dette det talemaalet som for han er naturlegt.
2. Elevane skal læra aa lesa baade landsmaal og det «almindelige bokmaal», og difor maa lesebøkene innehalda nok lesetilfang i baae maalformene.
3. Skulestyret set fast for kvar einskild krins, eller i tilfelle for einskilde klassor eller fag:
   a. Um dei skriftlege arbeidi til elevane vanleg skal vera forma paa landsmaal eller paa det «almindelige bokmaal»,
   b. Kva for ei ABC og lesebok skal nyttast i skulen.

Av lærebøkene kan borni etter val av foreldre eller forsytarar nytta utgaavor antan paa landsmaal eller det «almindelige bokmaal».*)

4. Fyrr skulestyret tek si avgjerd skal fraasegn vera innteki fraa overtilsynet og deretter fraa krinsen. Naar ein krins skal gjeva fraasegn syter skulestyret for at det vert gjort upp manntal over dei som har røysterett i krinsen.

*) I dei herad der det er fritt skuletarvende har skulestyret sjølvsagt skyldnad til aa kjøpa lærebøker paa norsk til dei som krev det, like fullt som lærebøker paa norskdansk. (Merknad av utgjevaren.)

Er krinsfraasegni vedteki med fleirtal av dei røysteføre i saki er ho bindande for skulestyret. Like eins er ho bindande for skulestyret um ho er vedteki med fleirtal av dei frammøtte røysteføre, soframt dei i tal utgjer minst $^2/_3$ av alle i saki røysteføre i krinsen.

Er det i ein krins, der det er skipa parallelklassor, foreldre som ynskjer borni sine upplærde i det maalet som ikkje er hovudmaal i skulen, kan dei krevja det, soframt der er so mange born at dei kan fylla ei heil klassa og det kan gaa utan nemnande meirutlegg for heradet. Born, som det soleis er valt maalform for, kan ikkje utan samtykkje fraa skulestyret gaa over til klassor med onnor maalform.

5. Naar skulestyret har teke avgjerd i samhald med denne paragrafs 3 a—b, kan denne avgjerdi ikkje umgjerast fyrr etter 5 aar.
6. Den maalformi som er i bruk naar denne lovi vert gjeldande, skal framleis nyttast, so lenge til skulestyret gjer vedtak um innføring av den andre maalformi.
7. Naar $^1/_4$ av dei røysteføre i ein skulekrins til skulestyret sender krav paa at det skal gjerast vedtak i samhald med denne paragrafen, 3. leden, har skulestyret skyldnad til aa etterkoma uppmodingi for krinsen sitt vedkomande.

Byskulelovi § 64.

Ved brigde fraa 14. desember 1917 i byskulelovi fraa 26. juni 1889 er tilsvarande fyresegner innført for byskulen.

Fyresegnene um paralelklassor i byskulen (svarande til punkt 4, siste passus, ovanfor) lyder so:

Vert same maalformi nytta ved alle skulane i ei kommuna kan foreldre eller forsytarar krevja den andre maalformi nytta for borni sine um dei har so mange born av same aarskuld at dei, um dei vert sende til same skulen, høveleg kan skipast i ei eller fleire klassor.

Er det ymse maalform i ymse skular kan foreldre eller forsytarar utan umsyn til bustad krevja borni sine innskrivne paa ein skule med den maalformi som foreldre eller forsytarar gjev fyremunen.

Born som det soleis er valt maalform for kan ikkje utan samtykkje fraa skulestyret gaa over til klassor med onnor maalform.

LOVER

FOR

NORIGS MAALLAG

VEDTEKNE PAA AARSMØTET 4. JULI 1914.
MED BRIGDE FRAA 2. JANUAR 1918

§ 1.

Norigs maallag vil arbeida fram den norske maalreisingstanken.

§ 2.

Med i Norigs maallag er fylkesmaallag som har minst 4 einskildlag. Like eins kan aarsmøtet i Norigs maallag taka upp einskildlag og einskildmenner, som søkjer um det.

§ 3.

Aarspengane er:

a) for fylkeslag 10 øyre for kvar lagsmann, likevel so at ikkje noko einskildlag legg mindre enn 2 kr.
b) for einskildlag, som er upptekne beinveges, 25 øyre for kvar lagsmann, likevel minst 2 kr.
c) for einskildmenner 2 kr. eller 25 kr. med ein gong.

Aarspengane gjeld for alnakkeaaret fraa og med innmeldings- eller upptakingsaaret.

§ 4.

Lag med lagsbruk (kaffistovor, herbyrge o.s.b.) legg 5% av den aarlege reinvinningi fraa lagsbruket i skatt til samskipnaden.

Har fleire lag lagsbruk i sameiga vert denne skatten utreidt av styret for lagsbruket.

For lag som er innmelde baade i Norigs maallag og i Norigs ungdomslag er lagsbrukskatten til Norigs maallag $2^1/_2$ %. Det same gjeld lagsbruk som er sameiga millom maallag og ungdomslag.

Til aa rettleida med umsyn til utrekning og betaling av skatten og døma i alle tvistemaal skal vera ei nemd paa 3 mann, 2 valde av aarsmøtet og 1 vald av dei lagi som har skattleggjande lagsbruk.

Nærmare fyresegner um samhøvet millom samskipnaden, lagsbruki og skattenemdi vert fastsett av aarsmøtet.

§ 5.

Naar ikke sers grunnar er til hinder, held maallagi (einskildlagi) kvart aar ein offerdag eller onnor tilstelling til inntekt for maalarbeidet. Har lagsmennene i maallagi mannjamt «maalteig» eller gjer dei anna arbeid til inntekt for maalreisingi, kan serskild offerdag eller onnor tilstelling falla burt. Maallagi fastset kvart aar, kor mykje dei, umfram lagsskatten, skal gjeva til fylkesmaallaget og landslaget.

§ 6.

Fylkeslagi og einskildlagi skal kvart aar gjeva fraasegn til Norigs maallag um arbeidet sitt for maalreisingi i meldingsaaret; like eins skal dei gjeva andre upplysningar, som styret i Norigs maallag krev. Dei einskildlagi, som staar i fylkeslag, sender aarsmeldingi gjenom fylkeslagi.

§ 7.

Norigs maallag held vanlegt utsendingsmøte (aarsmøte) kvart aar eller anna kvart aar, ettersom styret eller eit utsendingsmøte fastset. I se høve kallar styret saman umframmøte. Styret skal i alle høve hava umsut for at det vert halde eit møte som kan vedtaka program for stortingsvali. Naar styret kallar saman dette møtet, skal det helst lata utkast til valprogram fylgja med. Fylkeslagi har rett til aa senda ein utsending for kvar fulle 150 lagsmenner, likevel minst 1. Einskildlagi har like eins rett til aa senda ein utsending for kvar fulle 150 lagsmenner, likevel minst 1, naar talet paa lagsfolket er minst 40. Paa utsendingsmøti kan namngjevne lagsmenner som ikkje er utsendingar faa vera med i ordskiftet, naar møtet gjer vedtak um det. Styresmenner i Norigs maallag har paa utsendingsmøti same rett som utsendingar.

§ 8.

Paa det vanlege utsendingsmøtet gjev styret fraasegn um arbeidet i Norigs maallag sidan siste aarsmøtet, og krev upplysningar um det arbeidet, fylkeslagi og einskildlagi har gjort for maalreisingi, dersom ikkje slike upplysningar er inntekne i aarsmeldingane fraa lagi.

§ 9.

Aarsmøtet vel eit styre paa 5 mann og 5 varamenner. Formannen vert vald med serskilt val. Like eins vel aarsmøtet 2 ettersynsmenner for rekneskapen og andre umbodsmenner som til kvar tid er turvande for serskilde uppgaavor.

Styret tek ut skrivar, kassestyrar og andre umbodsmenner som trengst, og som ikkje aarsmøtet har valt.

§ 10.

Elles har styret rett til aa gjera alt som kan fremja fyremaalet med laget i samhøve med vedtaki paa utsendingsmøti.

§ 11.

Desse lovene kan eit utsendingsmøte brigda, naar framlegget er kunngjort minst ein maanad fyreaat.

Fyredrag aat ungdomslag:

Av desse fyredragi er det endaa att eit lite restupplag:

		Pris
Nr. 3.	**Gud signe vaart dyre fedraland** av Peter Hognestad	0.15
» 7.	**Parlamentarisme og folkestyre** av N. Gjelsvik	0.20
» 10.	**Vaar nationale strid** av Arne Garborg	0.20
» 12.	**Bibelen og vinen** av Peter Hognestad	0.20
» 13.	**Engelsk maalsoga** av Lars Risvoll	0.25
» 14.	**Den frilynde ungdomsrørsla og politikken,** av N. Gjelsvik, og: **Forsvara seg sjølve eller forsvara andre,** av Arne Garborg	0.15
» 15.	**Norsk bondereisning** av Lars Eskeland	0.25
» 16.	**Nationale høgmaal** av Edv. Os	0.25

Send tinging til

Skrivarstova,
Vibesgt. 27, Oslo.